

St.meld. nr. 28

(2008–2009)

Om samarbeidet i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) i 2008



Innhald

1	Det politiske samarbeidet	5	6	Vedtak nr. 5/08. Styrking av strafferettslege reaksjonar på menneskehandel gjennom ei brei tilnærming	28
2	Freds- og demokratibygging.....	8			
2.1	Vest-Balkan.....	8			
2.2	Ukraina, Moldova og Kviterussland .	10	7	Vedtak nr. 6/08. Styrking av OSSE-innsatsen for å gjennomføre handlingsplanen for å betre situasjonen for roma og sinti i OSSE-området.....	30
2.3	Sør-Kaukasus.....	11			
2.4	Sentral-Asia.....	13			
3	Samarbeid om demokrati og menneskerettar.....	16	8	Vedtak nr. 7/08. Ytterlegare styrking av rettsstatlege prinsipp i OSSE-området.....	32
3.1	Valobservasjon og valstandardar.....	16			
3.2	Menneskehandel og seksuell utnytting av barn	17	9	Vedtak nr. 8/08. Bidrag frå OSSE til gjennomføringsfasen av initiativet Allianse mellom sivilisasjonar	34
3.3	OSSE-høgkommissæren for nasjonale minoritetar	17	10	Vedtak nr. 9/08. Oppfølging av det 16. møtet i Forum for økonomiske og miljømessige spørsmål om samarbeid om maritime transportruter og innlandsvassvegar.....	35
4	Økonomisk og miljømessig samarbeid	18			
5	Politisk-militært samarbeid	19			
5.1	Konvensjonell nedrustning	19			
5.2	CFE-avtala.....	20	11	Vedtak nr. 10/08. Ytterlegare fremjing av OSSE-tiltak i kampen mot terrorisme	37
5.3	Tryggingssektorreform.....	20			
5.4	Grensetryggleik	20			
5.5	Kamp mot organisert kriminalitet.....	21	12	Vedtak nr. 11/08. Handvåpen og lette våpen og lagra konvensjonell ammunisjon	39
5.6	Kamp mot internasjonal terrorisme ..	21			
6	Partnarsamarbeid	22	13	Vedtak nr. 12/08. Tid og stad for det neste møtet i OSSEs ministerråd	41
Vedlegg					
1	Organisasjonskart: OSSEs organisasjon og institusjonar	23	14	Vedtak nr. 13/08. Spørsmål som gjeld Forum for tryggingssamarbeid.....	42
2	Vedtak nr. 1/08. Oppnemning av direktør for Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar	24	15	Ministererklæring.....	43
			16	Ministererklæring i høve 60-årsdagen for verdserklæringa om menneskerettane.....	44
3	Vedtak nr. 2/08. Gjenoppnemning av OSSEs generalsekretær	25	17	Ministererklæring om 60-årsdagen for konvensjonen om hindring av og straff for brotsverket folkemord....	45
4	Vedtak nr. 3/08. Tenesteperiodar for OSSEs generalsekretær	26			
5	Vedtak nr. 4/08. Styrking av det rettslege rammeverket for OSSE	27	18	Noregs innlegg ved politisk direktør Vegard Ellefsen på det 16. møte i OSSEs ministerråd, Helsingfors, 4.-5. desember 2008	46

St.meld. nr. 28

(2008–2009)

Om samarbeidet i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) i 2008

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 17. april 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Det politiske samarbeidet

Krigen mellom Russland og Georgia i august 2008 var eit tilbakeslag for politisk dialog og samarbeid i Europa. Tilhøvet mellom Russland og dei vestlege landa har vorte kjøligere, og samarbeidet har vorte vanskelegare. Med ei brei tilnærming og mange deltakarar er OSSE ein potensielt viktig reiskap for politisk dialog og samarbeid for å førebyggje og handtere konflikhtar i heile OSSE-området. Regjeringa er oppteken av at OSSE sitt arbeid for tryggleik og samarbeid vert vidareført. På grunnlag av det utvida tryggleiksomgrepet tykkjast organisasjonen vere eit naturleg forum for å drøfte dei felles tryggingsspolitiske utfordringane som deltarlanda står overfor.

President Medvedjev lanserte i august 2008 eit framlegg om ein «ny europeisk tryggingssarkitektur». Det russiske framlegget er i liten grad konkretisert, men i grove trekk gjer Medvedjev framlegg om å forhandle fram ei ny avtale for europeisk tryggleik. Utanriksministrane drøfta framlegget i Helsingfors i desember 2008. Det var semje om at OSSE er det rette forumet for vidare dialog, og at diskusjonen skal vidareførast på eit høgnivåmøte, truleg på utanriksministernivå. Fokus må vere på substans, ikkje arkitektur, og det bør ikkje skiljast mellom menneskeleg og militær tryggleik. Frå norsk side vart det presisert at dialog og samar-

beid med Russland er viktig. Samstundes er det ikkje aktuelt å svekkje dei etablerte institusjonane. Det er viktig å drøfte tryggingsspolitiske spørsmål med Russland, både i OSSE og i NATO-Russlandrådet. Den tsjekkiske EU-formannskapet har byrja på drøftingane med sikte på å utvikle ein felles EU-posisjon. Spørsmålet har òg vore drøfta i NATO.

OSSE-sendelagets vidare lagnad i Georgia er svært usikker som følgje av russisk godkjenning av dei to utbrytarområda Abkhasia og Sør-Ossetia. Etter at ein ikkje greidde å semjast om vidareføring i desember 2008, ligg det no an til at sendelaget vil verte nedlagt i mars eller april. Regjeringa stør freistnadene til formannskapet på å få til ei forlenging av mandatet til OSSE-sendelaget sjølv om dette synest vanskeleg. Noreg vil framleis forsvare Georgias suverenitet og territoriale integritet og oppmodar partane til å etterleve våpenkvileavtala av 12. august og tilleggssavtala av 8. september.

OSSE er òg involvert som forhandlar og observatør i dei uløyste konfliktane om Transnistria i Moldova og Nagorno-Karabakh i Aserbajdsjan. Ei løysing i Transnistria heng truleg nært saman med om Moldova er villig til å erklære seg nøytralt og ikkje sikte mot tettare tilknytning til NATO. Når det gjeld Nagorno-Karabakh, var det eit reelt framsteg at dei to presidentane i Armenia og Aserbajdsjan

møttest i Moskva 2. november i fjor og skreiv under ei felleseklæring – dette var det første dokumentet om Nagorno-Karabakh som presidentane i desse to landa nokon gong har skrive under på. Det er likevel lite truleg at det vert ei løysing på konflikten med det første. Regjeringa stør freistnadene til formannskapet på å skape framgang. Samstundes vil Noreg gjennom tosidig hjelp stø prosjekt som medverkar til fredsbygging og tillitsskapande tiltak mellom partane. Samarbeidet med norske frivillige organisasjonar, FN-organ, Europarådet og Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) i tillegg til sendelaget vil i så måte vere viktig.

Respekt for grunnleggjande menneskerettar, demokratisk styresett og rettsstatlege prinsipp, samt økonomisk og sosial utvikling er naudsynte føresetnader for varig tryggleik og stabilitet. Det utvida tryggleiksomgrepet, som utgjør fundamentet for OSSE sitt arbeid, er kome under aukande press dei seinare åra.

Det er ei prioritert oppgåve for regjeringa å arbeide for at OSSE-kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) skal ha ressursar til å stø demokratisering og menneskerettar i deltakarlanda. OSSE sitt arbeid for å fremje frie og demokratiske val står sentralt i dette arbeidet.

Etter regjeringa sitt syn er ein aktiv dialog med sivilsamfunnet ein viktig føresetnad for varig tryggleik og stabilitet, og Noreg vil framleis arbeide for at OSSE skal styrkje denne dialogen. Regjeringa vil vidareføre arbeidet for at menneskerettsforsvararar i deltakarlanda i OSSE skal få betre vern.

Det omfattande feltnærveret til OSSE er den fremste styrken til organisasjonen. Ikkje minst gjeld dette med omsyn til vern av menneskerettane og rettane til minoritetane. Noreg vil arbeide for at OSSE-nærveret i deltakarlanda vert halde ved lag til mandata for sendelaga er oppfylde. Det vil vere svært beklageleg om OSSE-sendelaget i Georgia vert nøydt til å innstille verksemda si medan det framleis har eit viktig arbeid å gjere.

Utviklinga i Kosovo og den framtidige rolla til OSSE har stått sentralt i 2008. Den 8. desember 2008 vart det oppnådd semje om at EU-operasjonen i Kosovo skal rapportere til FN og opptre statusnøytralt, og situasjonen har difor vorte klarare. OSSE sitt arbeid, ikkje minst for å sikre rettane til minoritetane, vert vidareført og utfyller det arbeidet som EU sin politi- og justisoperasjon (EULEX) utfører. Sendelaget er likevel for stort i høve til dei oppgåvene det kjem til å ha framover, og arbeidet med ein kraftig reduksjon i omfang og mandat for

sendelaget er i gang. Regjeringa stør eit meir fokusert OSSE-nærvere i Kosovo.

Regjeringa ønskjer at det monalege OSSE-engasjementet i Serbia vert vidareført og ser klart at det framleis trengst eit robust engasjement i Bosnia-Hercegovina. OSSE sitt arbeid bør etter kvart kunne avsluttast i dei landa som i 2008 vart inviterte til å verte medlemmer av NATO. OSSE har framleis ugjort arbeid i Aust-Europa (Moldova, Ukraina og særleg Kviterussland) og i Sør-Kaukasus når det gjeld å gje råd til og hjelpe landa i sitt vidare arbeid for langsiktig tryggleik og stabilitet og demokratiske reformer.

Sendelaga i Sentral-Asia er ryggraden til OSSE i denne regionen, og frå norsk side vil vi arbeide for at mandata framleis skal vere så robuste som mogeleg. Det vil vere særleg viktig å følgje utviklinga i Kasakhstan fram til landet tek over OSSE-formannskapet neste år. Det vil vere ei monaleg styrking av arbeidet at Noreg i 2009 opprettar ambassade i Astana. Regjeringa vil vidareføre innsatsen for grensetryggleik i Tadsjikistan, politireform i Kirgisistan og det forsiktige reformarbeidet gjennom OSSE i Turkmenistan.

Etter regjeringa sitt syn er det viktig at OSSE konsentrerer arbeidet om kjerneoppgåvene. Difor bør OSSE framleis rette merksemda mot dei utfordringane som etniske og regionale konflikhtar, organisert kriminalitet, handel med menneske, våpen og narkotika og internasjonal terrorisme utgjør. Det er positivt at organisasjonen drøftar samanhengen mellom klimaendring, miljø og tryggleik. Fleirsidig diplomati er heilt avgjerande for å fremje norsk utanriks- og tryggingsspolitikk. Regjeringa er difor oppteken av å styrkje samarbeidet mellom OSSE, FN, EU, Europarådet og NATO og av å sjå Noregs tosidige engasjement i samanheng med innsatsen i desse organisasjonane.

Noreg har eit breitt engasjement innan tryggingssktorreform både innanfor OSSE, FN og tosidig. OSSE medverkar til politi- og justissektorreform i fleire land og gjer såleis ein viktig innsats på dette området. Regjeringa vil vidareføre støtta til dette arbeidet, mellom anna med ytterlegare støtte til grensesamarbeid i sentralasiatiske land. Noreg finansierer også tre juristar frå styrkebrunnen som er tilknytt sendelaget i Baku for å fremje justissektorreform.

Som ei oppfølging til vedtaket frå ministermøtet i Madrid i 2007 har OSSE arbeidd for å styrkje samarbeidet med Afghanistan med vekt på grensetryggleik mot dei sentralasiatiske landa. Det er utarbeidd ein omfattande prosjektpakke for å hjelpe Afghanistan på dette området, som så langt ikkje er vedteken. OSSE heldt den årlege konferan-

sen med Asia-partnarane i Kabul i oktober 2008. Regjeringa stør arbeidet for styrkt grensetryggleik med vekt på ei regional tilnærming og vil også stø oppmodinga frå Afghanistan om hjelp frå OSSE til gjennomføringa av dei planlagde vala i 2009.

For Regjeringa er det viktig at hovudprioriteringane og dei politiske vedtaka til OSSE vert følgde opp med tilstrekkelege ressursar til gjennomføring. Budsjettet må reflektere det som organisasjonen faktisk treng, og setje han i stand til å utføre arbeidet sitt på ein effektiv måte. Feltarbeidet bør

etter norsk syn prioriterast. Det same gjeld arbeidet med menneskerettar, bygging av rettsstaten og valspørsmål, innsats på politisektoren medrekna grensekontroll, handvåpen og destruksjon av ammunisjon, kampen mot menneskehandel og arbeidet for likestilling. Budsjettforhandlingane har vorte stadig vanskelegare dei seinare åra. Det er uheldig for planlegging og drift at det no meir er ein regel enn eit unntak at budsjettet vert vedteke først langt ut i budsjettåret.

2 Freds- og demokratibygging

OSSE har ein omfattande feltaktivitet. Gjennom 19 såkalla sendelag i 18 av dei 56 deltakarlanda i OSSE støttar organisasjonen demokratisk utvikling, menneskerettar og rettsstatlege prinsipp i land på Vest-Balkan, i Ukraina, Moldova og Kviterussland, i Sør-Kaukasus og i Sentral-Asia.

2.1 Vest-Balkan

OSSE har framleis det største nærveret sitt på Vest-Balkan, og sjølv om ein ventar vidare reduksjon i personell, trengst det framleis å fokusere på utviklinga i regionen. Arbeidet er innretta mot demokrati- og institusjonsbygging, flyktningretur, atterreiseing, overvaking av og hjelp til gjennomføring av demokratiske val, utvikling av massemedium, fremjing av rettsstatlege prinsipp og menneskerettar og støtte til forsoning mellom folkegrupper. Det er eit tett samarbeid med FN, EU og NATO om desse spørsmåla. Rolla til OSSE vert høgt verdsett av vertslanda, som ser innsatsen frå organisasjonen som ei viktig støtte i deira eigne reformfreistnader og arbeidet for euroatlantisk integrasjon.

Det har vore ei viss nedbygging av aktivitetane til sendelaga dei seinare åra, etter kvart som mandata vert oppfylde og nasjonale styresmakter og lokale aktørar har vore i stand til å overta ansvaret. Samstundes har EU trappa opp arbeidet sitt, etter kvart som medlemskap i unionen rykkjer nærare. Det er i alle land eit tett samarbeid mellom sendelaga og EU-representasjonen og med Europarådet. Hjelpa frå OSSE til landa på Vest-Balkan har i høg grad medverka til å førebu landa på framtidige EU- og NATO-medlemskapar. Vedtaket i NATO om å invitere Albania, Kroatia og Makedonia inn i alliansen – sistnemnde under føresetnad av at namnespørsmålet vert løyst – er eit tydeleg uttrykk for den framgangen som har funne stad.

Framleis er OSSE-sendelaget i *Kosovo* den største feltoperasjonen til organisasjonen. Ved inngangen til 2008 rådde det stor uvisse om framtida til OSSE-sendelaget i Kosovo. Den 8. desember 2008 vart det oppnådd semje om at EU-operasjonen i Kosovo skal rapportere til FN og opptre statusnøy-

tralt, og situasjonen har difor vorte klarare. OSSE sitt arbeid, ikkje minst for å sikre rettane til minoritetane, vert vidareført og utfyller det arbeidet som EU sin politi- og justisoperasjon (EULEX) utfører. Sendelaget er likevel for stort i høve til dei oppgåvene som det no skal utføre, og spelar for tida ei nokså marginal rolle blant dei internasjonale aktørane i Kosovo. Den finske formannskapet starta eit naudsynt arbeid med å freiste å redusere omfanget av operasjonen kraftig, kombinert med at ein ønskte å spisse mandatet med eit særleg fokus på overvaking av stillinga til minoritetane. Regjeringa støttar eit endra og meir fokusert OSSE-nærvere i Kosovo. På denne måten vil OSSE kunne ha ei viktig rolle også når EULEX no er operativ.

Den politiske situasjonen i *Bosnia-Hercegovina* er vanskeleg og uoversiktleg. Sjølv om alle skjønar at det trengst ei ny grunnlov eller omfattande grunnlovsendringar, står leiarane for dei tre folkegruppene (bosnjakane, serbarane og kroatane) svært langt frå kvarandre i synet på om Bosnia-Hercegovina bør vere ein einskapsstat eller ein laus føderasjon med tilnærma de facto sjølvstyre for to (ev. tre) einingar. Den politiske situasjonen har påverka arbeidet til sendelaget, særleg på vanskelege område som utdanning, vern av menneskerettane og demokratibygging. Skuleverket er ei særleg utfordring fordi det medverkar til å halde ved lag etniske skiljelinjer. Det er difor ei prioritert oppgåve for sendelaget å arbeide for at skulen skal verte ei sameinande og ikkje ei kløyvande kraft i det bosniske samfunnet. Det var lite framdrift i 2008 òg.

OSSE gav også i 2008 monaleg hjelp til oppbygginga av rettsstaten og uavhengige domstolar. Overvaking av domstolane si handsaming av krigsforbrytarsaker, medrekna saker som er overførde frå Det internasjonale straffetribunalet for Jugoslavia (ICTY) i Haag, var også i 2008 ei sentral oppgåve for sendelaget. Straffeforfølgning av krigsforbrytarar er svært viktig for den nasjonale forsoningsarbeidet, og pågripinga og utleveringa av den tidlegare serbisk-bosniske leiaren Radovan Karadzic til ICTY i 2008 var viktig for den vidare forsoningsprosessen. Retur av flyktningar og internflyktningar har framleis høg prioritet hjå sendela-

get. Løysing av uteståande eigedomsrettstvistar og tilbakeføring av privat eigedom er avgjerande for atterreising og økonomisk og sosial framgang og vert stødd av sendelaget. Men arbeidet er vanskelig og møter ofte politiske, rettslege og administrative hindringar.

Reformarbeidet i *Serbia* er nært knytt til forventningane om rask europeisk integrasjon. Etter regjeringsskiftet i 2008 har den proeuropeiske kursen vorte tydelegare. Men Kosovos sjølvstendeerklæring og godkjenning frå dei fleste EU- og NATO-land, medrekna Noreg, har stilt serbiske styresmakter overfor vanskelege avvegingar. Hovudoppgåva til OSSE-sendelaget er å stø reformarbeidet, medrekna fremjing av minoritets- og menneskerettar, motarbeiding av korrupsjon og organisert kriminalitet samt oppbygging av kapasiteten til domstolane slik at dei kan gjennomføre krigsforbrytarsaker i samsvar med internasjonale standardar. Sendelaget har stått sentralt i etableringa av ein krigsforbrytardomstol og har sidan 2003 overvakt krigsforbrytarsaker som er førde i nasjonale domstolar. Sendelaget overvaker òg saker som er sende frå ICTY, og har stødd krigsforbrytaroppgjeret gjennom regionale konferansar med deltaking frå påtalemynd, forsvarsadvokatar og dommarar. Dette har mellom anna skapt betre flyt i fangeoverføringar og provmateriale og betre vern av vitne. Sendelaget har òg medverka til å styrkje det regionale samarbeidet om krigsforbrytarsaker.

Sendelaget stø vidare reform og utdanning innan rettsstellet, medrekna kamp mot organisert kriminalitet og korrupsjon. Sendelaget har det samordnande ansvaret for politireform og tilbyr støtte til styresmaktene på dette området. Reform av politiet har også stått svært sentralt i arbeidet for å betre tilhøvet mellom dei etniske gruppene og medverke til stabilitet i landet. Noreg har gjennom fleire år vore ein sterk støttespelar i dette arbeidet mellom anna gjennom å sekdere fleire ekspertar til sendelaget.

Serbia er det største flyktninglandet i Europa. Det er eit omfattande samarbeid med sendelaga i Bosnia-Hercegovina og Kroatia og med FN's høgkommissær for flyktningar og EU-kommisjonen om flyktningproblemet, som framleis er stort i denne regionen. Sidan 2006 har Noreg hatt sendelagsleiaren i Serbia og yter monaleg støtte til OSSE sine aktivitetar i tillegg til omfattande tosidige program.

Som følgje av *Kroatias* positive demokratiske og institusjonelle utvikling vart OSSE-sendelaget nedlagt ved inngangen til 2008. I staden vart det skipa eit mindre kontor, som har som oppgåve å

overvake attståande krigsforbrytarsaker og å medverke til flyktningretur. Framleis framgang på desse områda er naudsynt for kroatisk EU-medlemskap. Kroatia har akseptert at dette arbeidet vil verte vidareført i 2009, men har ønskt – og fått støtte til – at det skal gjerast ei ny vurdering av OSSE-nærveret i landet ved utgangen av 2009.

Vidareføring av reformpolitikken er avgjerande for *Makedonias* ønske om EU-medlemskap, og OSSE-sendelaget si støtte til mellom anna utvikling av rettsstaten, tryggleiksreform, vallovgjeving, kompetanseutvikling og desentralisering er viktige tilskot til dette arbeidet. Sendelaget stø òg opp om reformer innanfor rettsstellet og oppbygginga av eit profesjonelt politi som betre speglar den etniske samansetjinga i landet. Sendelaget har òg hjelpt makedonske styresmakter med å motarbeide korrupsjon og organisert kriminalitet, medrekna menneskehandel. Sendelaget arbeider òg med integrering av minoritetsgruppene i det makedonske samfunnet.

Det overordna målet for sendelaget i *Albania* har i 2008 vore å stø demokratiske reformer, fremje rettsstatlege prinsipp og styrkje respekten for menneskerettane som ledd i arbeidet med å verte ein fullverdig deltakar i dei euroatlantiske samarbeidsstrukturane. Sendelaget har dei seinare åra medverka i arbeidet med eigedomsreform, regional administrativ reform, styrking av rolla til nasjonalforsamlinga, kamp mot menneskehandel og korrupsjon, medieutvikling, utvikling av sivilsamfunnet, hjelp innan politiarbeid og utdanning av grensepoliti. OSSE ytte hjelp i arbeidet med førebuingane til ny vallov, men var kritisk til det endelege utkastet, som vart vedteke i 2008, mellom anna på grunn av favorisering av dei store politiske partia i samansetjinga av valstyra sentralt og lokalt. Sendelaget har òg medverka til likestillingsreform og reform av fengselssystemet, betring av rettane til romafolket, betre vitnevern og skiping av tilpassa varetaktsanlegg for mindreårige.

Sendelaget i *Montenegro* stø reformarbeidet til styresmaktene i samarbeid med sivilsamfunnet med sikte på å oppfylle krava som vert stilte til full euroatlantisk integrasjon. Sendelaget medverkar til lovgjevingsreform og institusjonsbygging for å motarbeide korrupsjon og organisert kriminalitet og til politireform og yter støtte til frie medium. Sendelaget arbeider òg med miljøvern og økonomisk utvikling. Det er eit nært samarbeid med Europarådet om å styrkje det regionale samarbeidet, å hjelpe til i utviklinga av ny lovgjeving og å styrkje respekten for menneskerettane og rettane til minoritetane.

2.2 Ukraina, Moldova og Kviterussland

Situasjonen i *Ukraina* er prega av ein konstitusjonell konflikt om styrketilhøvet mellom statsmaktene, som mellom anna har gjeve seg utslag i langvarig rivalisering mellom presidenten og statsministeren. Landet er dertil hardt ramma av ei finansiell og økonomisk krise, som har ført til kraftig økonomisk og sosial tilbakegang. Eit vanskeleg tilhøve til Russland knyter seg mellom mykje anna til usemje om vilkåra for russisk gasstransitt gjennom Ukraina til kundar i Europa, ein konflikt som tidvis har fått direkte følgjer for andre land. Noverande regjering har medlemskap i EU og NATO som uttrykte mål. EU har hittil ikkje vilja kome med lovnader om medlemskap. Sjølv om leiinga i landet legg stor vekt på NATO-fråsegner om at Ukraina kjem til å verte NATO-medlem, er det i størstedelen av landet lita støtte for NATO-medlemskap. Særleg blant dei russisktalande i aust er støtta til medlemskap lita, og målsetjinga om NATO-medlemskap påverkar tilhøvet til Russland på ein negativ måte. Ukraina har lansert seg som kandidat til OSSE-formannskapet i 2013 med støtte frå GUAM-landa (Georgia, Ukraina, Aserbajdsjan og Moldova).

OSSE-sendelaget i Ukraina legg vekt på eit nært samarbeid med styresmaktene om å vidareutvikle demokratiet på grunnlag av rettsstatlege prinsipp. Sendelaget arbeider med demokratisering og godt styresett, med utvikling av rettsstaten og med økonomiske, miljømessige og politisk-miltære prosjekt.

Den utanrikspolitiske hovudmålsetjinga til *Moldova* er integrasjon i EU, og EU har dei siste åra trappa opp støtta til landet som ein del av ei langsiktig utvikling av samkvemmet i retning av EU-medlemskap. Reformprosessane går etter måten sakte. Moldova er det fattigaste landet i Europa og er prega av ei omfattande arbeidsutvandring. Den uløyste konflikten med utbrytarrepublikken Transnistria er òg ei alvorleg hindring for utviklinga i landet.

I konflikten om Transnistria har presidenten i Moldova, Voronin, og leiaren i Transnistria, Smirnov, møttest to gonger i 2008, noko som har medverka til ein forsiktig optimisme om framdrift i konfliktløysingsprosessen. Også Russland, som har stor innverknad på Transnistria, har vist forsiktige teikn til rørsle i retning av større kompromissvilje, og det er semje om å vidareføre dialogen mellom Moldova, Transnistria og Russland. OSSE-sendelaget i Moldova har som hovudoppgåve å medverke til ei varig politisk løysing på konflikten i Transnistria. Under leiing av den finske OSSE-for-

mannskapet har det vore halde fleire uformelle møte med styresmaktene i Moldova og Transnistria, meklarar og observatørar i konflikten, men det er framleis stillstand i dei formelle forhandlingane. Noreg legg vekt på å oppmuntre partane til å gjere bruk av dei kanalane og verkemidla som finst, for å løyse konflikten.

Konflikten i Transnistria er òg viktig når det gjeld CFE-avtala. På OSSE-toppmøtet i Istanbul i 1999 batt Russland seg til å trekkje attverande styrkar og materiell ut av Transnistria (og Georgia) som eit ledd i gjennomføringa av den tilpassa CFE-avtala. Men uttrekkinga av materiell stansa opp i 2004.

Moldovske styresmakter samarbeider tett med OSSE-sendelaget. I 2008 har sendelaget lagt særleg vekt på arbeidet med spørsmål knytte til den demokratiske utviklinga i Moldova. Mange meiner at nasjonalforsamlingsvalet våren 2009 vil verte ein test på demokratiet i Moldova, og sendelaget og ODIHR hjelper styresmaktene med å betre lovgjevinga og valprosessen for å medverke til at valet vert gjennomført i samsvar med OSSE-skyldnadene. Arbeidet med å hjelpe styresmaktene i kampen mot menneskehandel og andre former for vald mot kvinner og barn er ei anna prioritert oppgåve for sendelaget. Sendelaget arbeider òg med å overvake individuelle menneskerettssaker.

Noreg yter eit substansielt tilskot til OSSEs og EUs arbeid med demokratisering, mellom anna til justissektorreform gjennom den såkalla Styrkebrunnen, som har seks utplasserte juristar i Moldova. Noreg yter òg eit tilskot til OSSE sitt arbeid med å motarbeide bruken av falske reisedokument gjennom utplassering av Interpols database for tapte og stolne reisedokument i Moldova.

Det autoritære styret i *Kviterussland* består, og menneskerettssituasjonen er framleis svært kritikkverdig. Men kviterussiske styresmakter har opna opp for ei forsiktig tilnærming til Europa og distansert seg noko frå sitt tidlegare svært tette tilhøve til Russland. Før valet på ny nasjonalforsamling i september 2008 vart dei siste politiske fangane sette fri, noko som førde til at EU letta på sanksjonane overfor landet. Kviterussland viste vilje til nært samarbeid med OSSE-observatørane både før, under og etter valet. Det er òg positivt at det etter valet er kome i gang eit samarbeid med ODIHR om endringar i valprosessen, med sikte på å leggje grunnlaget for frie val i samsvar med OSSE-skyldnadene. Dei internasjonale valobservatørane påviste likevel at valet var alt anna enn fritt og demokratisk. Saman med andre deltakarland retta Noreg i 2008 òg skarp kritikk mot styresmak-

tene for brot på menneskerettane og undertrykking av opposisjonen i Kviterussland.

Sendelaget i Minsk arbeider under svært vanskelege forhold, og all aktivitet vert kontrollert av styresmaktene. OSSE-nærveret er likevel viktig for å oppmuntre sivilsamfunnet, støtte demokratisering og overvake og rapportere om menneskerettsbrot.

Regjeringa sin Kviterussland-strategi frå 2007 vert òg følgd opp innanfor ramma av OSSE. Strategien inneber ei brei norsk tilnærming til arbeidet med å fremje demokratisering og respekt for menneskerettane i landet. Innsatsen rettar seg i første rekkje mot sivilsamfunnet og dei demokratiske kreftene i Kviterussland, gjennom styrkte kontaktar med ulike miljø i landet, ved å medverke til auka merksemd om landet i OSSE, Europarådet og Nordisk ministerråd, og gjennom ein monaleg auke i hjelpa til tiltak som direkte eller indirekte styrkjer sivilsamfunnet.

Noreg har saman med Tyskland og Finland stødd eit samarbeidsprosjekt mellom OSSE og kviterussiske styresmakter om styrkt grensekontroll, og saman med OSSE og UNDP gått inn i eit prosjekt for å sikre forsvarleg lagring og handtering av handvåpen og tilhøyrande ammunisjon.

2.3 Sør-Kaukasus

Krigen i *Georgia* i august 2008 illustrerer potensialet for open konflikt i dei uløyste konfliktane i Kaukasus. Som i Nord-Kaukasus har situasjonen også sør for fjella vore ustabile og uoversiktlege til tider. Vanskelege grannetilhøve har stått i vegen for regionalt samarbeid og hemma utviklinga i området. Dynamikken i regionen vert komplisert ytterlegare gjennom den viktige rolla som Russland spelar, direkte og indirekte.

Heilt sidan Georgia vart sjølvstendig att i 1991, har landet freista å samle heile landet under Tbilisis styre. Då dei mangeårige uløyste konfliktane om Abkhasia og Sør-Ossetia braut ut i open krig i 2008, hende det etter ei gradvis opptrapping over lengre tid. Konfliktane har i fleire år medverka til eit kriseprega tilhøve mellom Georgia og Russland, med ei monaleg forverring frå 2007. I august dette året vart det som georgiarane hevda var eit russisk missil, skote inn på georgisk territorium. Situasjonen vart ytterlegare tilspissa våren 2008 etter at dåverande president Putin ved eit dekret i april oppheva våpenblokaden av Abkhasia og samstundes tok til orde for eit meir formelt samarbeid mellom Russland og utbrytarområda. Spenninga auka då ein georgisk drone den same månaden

vart skoten ned medan han flaug over Abkhasia. Episoden vart føremål for fleire diskusjonar i OSSE. Ein ekspertrapport som vart utarbeidd etter eit initiativ i FN, konkluderte i mai med at Russland hadde stått bak nedskytinga.

Russland styrkte det militære nærveret sitt i utbrytarområda utover våren og vedgjekk å ha krenkt georgisk luftrom ved at fire russiske jagarfly flaug ulovleg over Georgia i juli. Georgiske styrkar hadde få dagar i førevegen skote mot Tskhinvali, den administrative hovudstaden i Sør-Ossetia. Georgiarane grunngav åtalet med at sørossetisk milits skaut mot styrkane deira. I byrjinga av august bombarderte og hærsette georgiske styrkar Tskhinvali, med store sivile tap som følge. Russland svarte med eit massivt militært motåtak og dreiv på få dagar dei georgiske styrkane ut av Sør-Ossetia og hærtok òg delar av uomstridt georgisk område. Etter fem dagar med krigshandlingar inngjekk Russland og Georgia ein våpenkvileavtale etter mekling av den franske EU-formannskapen. I slutten av august godkjende Russland – som einaste OSSE-land – Abkhasia og Sør-Ossetia som sjølvstendige statar.

Etter krigen i august har georgiske landsbyar i Sør-Ossetia vorte raserte, og store delar av det georgiskspråklege folket har vorte fordrivne. Det faste rådet i OSSE heldt gjennom heile august 2008 fleire krisemøte om krigen og var den første internasjonale organisasjonen som handla ved i august å gjere vedtak om å utplassere inntil 100 militære observatørar i landet. Av desse vart likevel berre 20 fysisk utplasserte på grunn av russisk motstand mot å utvide styrken, slik vedtaket opna for. Dei vestlege landa, mellom dei Noreg, tolka mandatet slik at det omfatta tilgjenge til heile Georgia. Russland har motsett seg at observatørane skal kome inn i Sør-Ossetia, og har berre tillate at dei opererer i dei uomstridt georgiske områda som grensar opp til området. Avslaget vart først grunngjeve med at tryggingssituasjonen i provinsen gjorde det for farleg å ferdast inne i Sør-Ossetia, og etter godkjenninga av utbrytarområdet med at sørossetiske styresmakter sjølv måtte ta stilling til førespurnadene. Mandatet til dei militære observatørane har vorte forlengt til 30. juni 2009.

Med utgangspunkt i ei avtale av 8. september, som òg omfatta Russland, inngjekk Georgia og EU seinare same månaden ei avtale om utplassering av inntil 200 sivile EU-observatørar i Georgia. I oktober kom det i gang samtalar i Genève mellom Georgia og Russland under leiing av FN, OSSE og EU. Også USA deltek i desse forhandlingane. I februar 2009 kom partane til semje om ein mekanisme for å handtere skyteepisodar og liknande

hendingar, noko som alle partar ser som eit viktig og positivt steg.

Arbeidet til sendelaget var i heile 2008 sterkt prega av den auka spenninga mellom Georgia og dei russiskstøtta utbrytarområda. Sendelaget hadde fram til årsskiftet eit breitt mandat, som omfatta konfliktløysing, tillitsskapande tiltak, fremjing av menneskerettane, demokratisering, politireform, grensekontroll og økonomi- og miljøspørsmål. På grunn av russisk motstand har det ikkje lukkast å verte samde om ei forlenging av verksemda til sendelaget, og sendelaget er formelt under avvikling. Russland står nokså isolert i OSSE når det gjeld handteringa av Georgia-konflikten, og særleg etter at Russland godkjende dei to utbrytarområda. Sjølv tradisjonelle støttespelarar som Kviterussland og dei sentralasiatiske landa har halde tydeleg avstand til Russland i denne saka.

Etter krigen i august har heller ikkje sendelaget hatt tilgjenge til utbrytarområda. Derimot har Kontoret for demokratiske institusjonar og demokrati (ODIHR) og Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) vitja Sør-Ossetia og Abkhazia. I ein felles rapport, som kom ut i november, konkluderte dei med at den humanitære situasjonen var prekær, særleg i Sør-Ossetia. I utbrytarområda herska det langt på veg lovause tilstandar.

ODIHR og OSSEs parlamentarikarforsamling (PA) gjennomførde omfattande observasjon av presidentvalet i Georgia i januar 2008 og nasjonalforsamlingsvalet i mai same året. Gjennomføringa av vala vart vurdert som relativt god, sjølv om klagehandsaminga i etterkant av presidentvalet ikkje fullt ut samsvarte med dei internasjonale standardane som Georgia har bunde seg til å følgje. På dette punktet vart det påvist framgang etter nasjonalforsamlingsvalet.

Noreg har gjeve full støtte til Georgias territoriale integritet og suverenitet. I samband med krigen i august vart det frå norsk side gjeve uttrykk for sterkt mishag over Russlands uproporsjonale maktbruk. Ein har oppmoda partane til å respektere våpenkvileavtala, uttrykt djup uro for den humanitære situasjonen i området og fleire gonger bede om at representantar for det internasjonale samfunnet må få tilgjenge til Sør-Ossetia. Frå norsk side beklaga ein Russlands godkjenning av utbrytarområda. Noreg har uttrykt full støtte til innsatsen som formannskapet, sendelaget og sekretariatet har gjort for konfliktførebygging og -handtering. Noreg har sekondert to nordmenn til sendelaget: ein militærobservatør og ein som arbeider med utvikling av godt styresett.

Nagorno-Karabakh er folkerettsleg ein del av Aserbajdsjan, men er okkupert av armenske styrkar. Armenia okkuperer òg sju provinsar mellom Nagorno-Karabakh og Armenia. Mange internt fordrivne frå denne regionen utgjør eit stort problem for Aserbajdsjan. Fredsforhandlingane mellom Armenia og Aserbajdsjan går føre seg i den såkalla Minsk-gruppa, som vert leidd av USA, Russland og Frankrike. OSSE hjelper Minsk-gruppas medformenn i forhandlingsprosessen, rapporterer om situasjonen og kjem med framlegg til korleis det internasjonale samfunnet kan medverke til ei fredsløysing. Men det er vanskeleg å sjå at konflikten vil kunne verte løyst på kort sikt, sjølv om felleserklæringa frå presidentane i dei to landa av november 2008 er eit steg i rett retning. Her bind dei to statsleiarane seg til å intensivere forhandlingane om ei fredeleg løysing på konflikten og å videreføre tillitsskapande tiltak.

Krigen i Georgia har truleg styrkt erkjenninga i begge land av at ei løysing må søkjast på fredeleg vis, og var i så måte med på å gje støyten til felleserklæringa. Det er òg grunn til tru at partane lettare kan kome kvarandre i møte no som presidentvala er tilbaketrukkne i begge land. Situasjonen i konfliktområdet er relativt stabil, sjølv om det i 2008 òg var fleire alvorlege samanstøyt med tap av menneskeliv. Frå norsk side vil vi halde fram med å stø OSSE sitt arbeid og å oppmuntre begge partane til å finne ei fredeleg løysing på konflikten.

Den armenske okkupasjonen av Nagorno-Karabakh, som vert fordømd av store delar av det internasjonale samfunnet, medverkar til å isolere Armenia regionalt. Grensene mot Aserbajdsjan og Tyrkia er stengde, og landet vert halde utanfor fleire viktige regionale samarbeidsprosjekt innanfor petroleums- og transportsektoren. Tilhøvet til Tyrkia synest likevel å vere i ei viss betring etter at den tyrkiske presidenten uventa godtok å vitje den armenske motparten sin i tilknytning til ein VM-kvalifiseringskamp i fotball i Jerevan i september 2008.

Presidentvalet i februar 2008 utløyste ei politisk krise i Armenia. Valet var svært omstridt, og i mars kom det til opptøyar i hovudstaden, der fleire vart drept av væpna politi. Armenia innførde unntakstilstand, og det vart lagt fleire avgrensingar på utøvinga av grunnleggjande menneskerettar som forsamlingsfridom og pressefridom. OSSE-kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) og Europarådet hjelpte våren 2008 armeniarane med utforminga av ei ny lov, som i større grad sikrar forsamlingsfridomen. OSSE-sendelaget yter mellom anna hjelp til politireform, der også Noreg yter støtte til eit pilotprosjekt i Jerevan. Reform i kriminalomsorga og justisapparatet står

også sentralt, og det vert lagt stor vekt på at folk skal ha tilgang til rettssystemet, mellom anna ved opplæring av advokatar og påtalemakt. Armenia har òg stor trong for hjelp til å handtere miljøutfordringar, og sendelaget medverkar til destruksjon av det svært miljøfarlege rakettdrivstoffet «mélange».

Utviklinga i *Aserbajdsjan* er prega av at landet vert stadig viktigare som eksportør av olje og gass. Samstundes står Aserbajdsjan overfor ei rekkje utfordringar når det gjeld demokratiske reformer, respekt for menneskerettane og frie medium. Både medie- og forsamlingsfridomen er i praksis avgrensa. ODIHR-observatørar påviste at presidentvalet i oktober 2008 ikkje tilfredsstilte internasjonale standardar, sjølv om det i høve til tidlegare val var klar framgang i sjølve den tekniske gjennomføringa.

OSSE-sendelaget har eit breitt mandat og arbeider særleg med spørsmål knytte til motarbeiding av korrupsjon, reform av politiet og godt styresett på sentralt og lokalt plan. Eit opplæringsprogram for parlamentarikarane i landet i utøving av funksjonen som folkevalde representantar for dei respektive valkrinsane, er viktig og har vorte gjennomført sidan 2005. Noreg gav i 2008 støtte til eit prosjekt for å styrkje mediefridomen i landet ved å gjere den statlege TV-kanalen om til ein allmennkringkastar. Regjeringa vil i 2009 framleis stø opp om OSSE si verksemd i Aserbajdsjan, med særleg vekt på justisreform og mediefridom. Tre juridiske ekspertar frå Styrkebrunnen vert sekondert til OSSE i Aserbajdsjan frå januar 2009. Også eit program for destruksjon av rakettdrivstoff er ein viktig del av arbeidet til sendelaget.

2.4 Sentral-Asia

Landa i Sentral-Asia står overfor store økonomiske og sosiale utfordringar, i tillegg til trugsmål mot stabiliteten som følgje av internasjonal terrorisme, narkotikatrafikk og andre former for organisert kriminalitet. Samstundes er landa strategisk viktige og har rike naturressursar.

Sentral-Asia har vorte viktigare innanfor OSSE i dei seinare åra. Som det første landet i regionen vil Kasakhstan ha OSSE-formannskapet i 2010. Denne formannskapet er òg eit element i styrkinga av den internasjonale rolla til Sentral-Asia og ønsket om tettare samarbeid med vestlege land. Regionen har òg fått større merksemd som følgje av grannskapet til Afghanistan og OSSE-vedtaket om å styrkje samarbeidet med Afghanistan med

særleg vekt på større engasjement innan grensekontroll, politi og narkotikanedkjemping.

Sendelaga er rygggrada til OSSE i regionen. OSSE søkjer å fremje det regionale samarbeidet på område som grenseoverskridande vassforvaltning, rettstryggleik, grensetryggleik og narkotikakontroll.

Frå norsk side legg vi vekt på å styrkje den regionale tilnærminga i hjelpe til Sentral-Asia. Den norske regionale innsatsen er retta mot område som demokratibyggning, fattigdomsnedkjemping, berekraftig miljø- og ressursforvaltning samt grensekontroll og nedkjemping av organisert kriminalitet.

Kasakhstan er det leiande landet i regionen og tek i stadig sterkare grad mål av seg til å spele ei viktig regional og internasjonal rolle. Landet har gjennom dei siste åra gjennomført ei rekkje demokratiske, økonomiske og sosiale reformer. I samband med tildelinga av OSSE-formannskapet i 2010 tok Kasakhstan på seg klare skyldnader om å vidareføre arbeidet med politiske reformer for å gjennomføre OSSE sine skyldnader på ulike område, mellom anna når det gjeld politiske parti, medium, valprosedurar og lokalt sjølvstyre. Ei rekkje framlegg til lovendringar har nyleg vorte vedtekne av nasjonalforsamlinga. Dette er viktige steg. Det ser likevel ut til at det trengst ytterlegare reformer, mellom anna når det gjeld liberaliseringa av medielovgjevinga.

OSSE-sendelaget har ytt eit stort tilskot til reformarbeidet, mellom anna gjennom rådgjeving om lovreformer og gjennom dialog med styresmakter og sivilsamfunnet. Sendelaget arbeider òg med reformer i justissektoren, tryggleiks- og tillitsskapande tiltak, styrking av grensetryggleiken og kampen mot terrorisme samt aktivitetar som fremjar berekraftig utvikling og vassforvaltningsspørsmål. Det er ei viktig oppgåve for sendelaget å hjelpe Kasakhstan i førebuingane til formannskapet i 2010 både gjennom praktisk opplæring og større merksemd om OSSE sitt arbeid og gjennom hjelp til gjennomføringa av OSSE-skyldnader.

Under OSSE-formannskapet vil Kasakhstan prioritere arbeidet med å fremje demokratiske institusjonar i OSSE-området, utvikling av det europeiske og euroasiatiske transitt- og transport-samarbeidet, miljøproblem, tillitsskapande tiltak og regional tryggleik, ikkje-militære aspekt ved tryggleiken som kampen mot terrorisme, ekstremisme, narkotikatrafikk, organisert kriminalitet, våpen- og menneskehandel og atterreiseing av Afghanistan.

Kasakhstan vil framleis vere den viktigaste samarbeidspartnaren for Noreg i Sentral-Asia, og skipinga av ein norsk ambassade i Astana i 2009 vil

venteleg gjere sitt til å styrkje det politiske og økonomiske samkvemmet. Støtte til demokratisering og betre styresett samt kompetanseheving innan energi- og miljøsektoren vil framleis vere prioriterte område i hjelpa frå Noreg til Kasakhstan. Noreg stør Kasakhstans formannskap i OSSE og yter tilskot til opplæring av kasakhstanske diplomatar med bakgrunn i erfaringar frå vårt eige formannskap i 1999.

Kirgisistan er framleis det minst autoritære landet i Sentral-Asia, men vert stadig meir ustabil etter at demonstrasjonar dreiv det førre regimet frå makta i 2005. Opposisjonen, som har vore splitta, viser no teikn på samarbeid, men den løysinga dei har på dei grunnleggjande økonomiske problema, har populistiske overtonar. Landet er fattig og utviklinga vert hemma av utbreidd korrupsjon. Samstundes har landet eit stort potensial på område som turisme og vasskraft. Det har vore ei positiv utvikling når det gjeld arbeidet med ny kriminalovgjeving og utviklinga av eit meir profesjonelt og uavhengig rettsstell. Likevel gjev ein del sider ved den nye grunnlova, vallova, endringar i lovene om forsamlingsfridom og medium samt den nye lova om religionsfridom og religiøse organisasjonar grunn til uro. Sendelaget arbeider med grenseforvalting og tryggleik, rettsstaten, godt styresett, lovgjeving, miljøsaker og regionalt samarbeid.

Den norske Helsingforskomiteen (NHC) skipa i 2006 eit regionalt kontor for Sentral-Asia i Bisjkek og starta deretter den formelle prosessen for å få kontoret registrert hjå kirgisiske styresmakter. Men det har oppstått ei rekkje problem i samband med registreringa, som enno ikkje er gått i orden. Etter at kirgisiske styresmakter ransaka NHC-kontoret sommaren 2008, tok Noreg saka opp med kirgisiske styresmakter og i Det faste rådet i OSSE. Seinare er den regionale representanten til NHC nekta innreise til landet. Saka vert følgd opp overfor kirgisiske styresmakter og gjennom OSSE.

Noreg stør eit samarbeid mellom OSSE-akademiet i Bisjkek og NUPI som tek sikte på å utvikle dette akademiet som eit regionalt knutepunkt for undervising og forskning. Vidare stør Noreg arbeidet til OSSE-høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) i arbeidet med mellomstatleg dialog om utdanning for minoritetar. Noreg stør òg OSSE sitt arbeid for tolloplæring i Bisjkek, der også afghanske tolltenestemenn vil kunne få opplæring. Noreg vil vidareføre støtta til politireform i Kirgisistan.

Tadsjikistan er eit av dei fattigaste landa i verda. Landet er prega av demokratisk underskot, og den politiske situasjonen er skjør. Det er utbreidd kor-

rupsjon, og landet er særleg utsett for grenseoverskridande kriminalitet langs grensa mot Afghanistan. Samstundes er tilhøvet til Afghanistan og dei utfordringane som denne granneskapen medfører, avgjerande for tryggleiken og stabiliteten i Tadsjikistan. Ei av dei dominerande folkegruppene i Nord-Afghanistan er tadsjikarane, noko som aukar interessa for eit samarbeid på tvers av landegrensene. Hovudtyngda av OSSE sine prosjekt for å styrkje grensesamarbeidet med Afghanistan vil verte gjennomført i Tadsjikistan.

Den norske innsatsen i Tadsjikistan er retta mot godt styresett, styrkt grensetryggleik og nedkjemping av organisert kriminalitet. Noreg har i fleire år stødd sendelaget sitt arbeid i kampen mot ulovlege handvåpen og har sekondert ekspertar. Vidare stør Noreg opp om Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM). Innanfor ramma av OSSE yter Noreg støtte til eit patruljeringsprosjekt på grensa mot Afghanistan og til skipinga av eit opplæringssenter i Dusjanbe om grensetryggleiks- og grenseforvaltingsspørsmål.

Den nye politiske leiarskapen i *Turkmenistan* vidarefører dei svært forsiktige reformtiltaka sine innanfor utdanning, helse, økonomi og jordbruk. Styresmaktene er interesserte i styrkt internasjonalt samarbeid. I ljøs av reformprosessen har sendelaget i 2008 lagt vekt på å yte tilskot i form av ekspertise, gode erfaringar og utveksling av idear på område som grensetryggleik og grenseforvalting, lovgjevingsreformer og effektiv utnytting av vassressursane. Dette arbeidet vil verte vidareført. Sendelaget vil òg søkje å hjelpe turkmenske styresmakter med gjennomføring av menneskerettsstandardar. Noreg stør OSSE sitt arbeid for å styrkje opplæring av tolltenestemenn og samarbeidet om tollspørsmål mellom Turkmenistan og Afghanistan.

Turkmenistan inviterte for første gong offisielt internasjonale observatørar til å overvake nasjonalforsamlingsvalet i desember 2008. ODIHR sende ei mindre gruppe av observatørar for å få betre innsikt i valprosessen. ODIHR-gruppa gjennomførte ikkje nokon ordinær valobservasjon, men følgde prosedyrane på valdagen og vitja eit utval av røstelokale.

Usbekistan har eit autoritært styresett, der demokratiske rettar, rettsstaten og ytringsfridomen står svakt. Landet har vore delvis isolert frå vestleg samarbeid sidan hendingane i Andisjan i 2005. Dei usbekiske styresmaktene har likevel vist teikn til ønske om meir samarbeid med Europa og USA. Noreg har slutta seg til EU si oppheving av visumsanksjonar som vart innførte etter hending-

gane i Andisjan. Det har vore nokre framsteg innan rettsreform, og ein del politiske fangar er sette fri.

Menneskerettssituasjonen og mangelen på rettsstyre i Usbekistan er framleis urovekkjande, sjølv om landet kan vise til ein viss framgang i arbeidet med å avskaffe dødsstraff, å innføre *habeas corpus* og å godkjenne ILO-konvensjonen om barnarbeid. Tilrådingane frå ODIHR i samband med presidentvalet i 2007 er ikkje følgde opp, og Usbekistan tok til motmæle mot valrapporten, som konkluderte med at valet var strengt kontrollert og generelt ikkje vart gjennomført i samsvar

med skyldnadene som landet har når det gjeld demokratiske val.

Sendelaget vil framleis leggje vekt på å hjelpe usbekiske styresmakter i kampen mot terrorisme, valdeleg ekstremisme og narkotikatrafikk, med fremjing av sosial og økonomisk utvikling og miljøvern og med gjennomføring av OSSE sine prinsipp og skyldnader, medrekna når det gjeld utviklinga av eit sivil samfunn. Sendelaget drøftar styrkt samarbeid med Afghanistan med dei usbekiske styresmaktene.

3 Samarbeid om demokrati og menneskerettar

OSSE sitt arbeid for vern av menneskerettane, utvikling av demokrati og styrking av rettsstatsprinsippa er viktige tilskot til langsiktig stabilitet. I dette arbeidet står Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) og sendelaga heilt sentralt. Noreg stør arbeidet til OSSE på dette området og ser det som særleg viktig at den sjølvstendige rolla til ODIHR vert vidareført. Noreg er likeins oppteke av at OSSE må samarbeide nært med andre internasjonale organisasjonar, i første rekkje Europarådet.

Det har vorte stadig fleire direkte åtak på og trugsmål mot menneskerettsforsvararar i Russland og fleire andre OSSE-land. Noreg har i lengre tid teke til orde for at OSSE bør styrkje arbeidet sitt for å stø menneskerettsforsvararar.

3.1 Valobservasjon og valstandardar

Arbeidet som ODIHR gjer for å oppfylle OSSE-standardar knytte til demokrati og gjennomføring av frie og rettferdige val, er ein sentral del av samarbeidet i OSSE. Men det er usemje om kor stor grad av sjølvstende ODIHR skal ha i verksemda si, særleg når det gjeld arbeidet med valobservasjon og valstandardar.

Noreg er ein aktiv støttespelar for ODIHR og har fleire gonger forsvart ODIHRs sjølvstyre. Noreg yter òg økonomiske tilskot til kontoret sitt arbeid med fremjing av grunnleggjande menneskerettar og rettsstatsprinsipp.

Russland ønskjer at deltakarlanda i større grad skal styre arbeidet til ODIHR ved å vedta detaljerte reglar for valobservasjon. Dette er vurderingar som i dag er overlatne til ODIHR, som har utvikla ein svært omfattande og internasjonalt godteken metodikk som gjeld heile valprosessen. Russland innførte før presidentvalet i mars 2008 så mange avgrensingar med omsyn til talet på observatørar og lengda på operasjonen at ODIHR og OSSEs parlamentarikarforsamling (PA) fann det uråd å gjennomføre ein forsvarleg observasjon av valet. Andre deltakarland som gjennomførte val i 2008, til dømes Kviterussland, inviterte ODIHR til å observere vala utan noka form for avgrensingar når det gjaldt talet

på observatørar og tida dei fekk til rådvelde. Det var likevel beklageleg at kviterussarane ikkje gav observatørane tilgjenge til oppteljinga av røystene. ODIHR gjennomførte ei rekkje vellukka valobservasjonar i 2008. Noreg deltok i ni av dei med i alt 25 korttidsobservatørar og 13 langtidsobservatørar.

Den finske formannskapen arrangerte etter russisk ønske eit seminar om valobservasjon i juli 2008. Russland ønskte eit slikt seminar for å gå gjennom det dei oppfattar som ei ubalansert tilnærming frå ODIHR, der val i SUS-landa får langt større merksemd enn val i Europa og USA. Seminaret var vellukka i den tydinga at det var eit fint høve for deltakarlanda i OSSE og frivillige organisasjonar å drøfte ulike tilnærmingar til valspørsmål. Det er venta at valspørsmål, medrekna metodologien som ODIHR nyttar ved valobservasjon, vil verte eit sentralt tema i OSSE-samarbeidet i 2009 òg.

På ministermøtet i Helsingfors i desember 2008 vart det oppnådd semje om ei omfattande erklæring for å markere 60-årsdagen for FNs menneskerettsfråsegn, som innebar at alle deltakarlanda gjentok målet sitt om å oppfylle alle skyldnader innanfor den menneskelege dimensjonen. Utanriksministrane understreka på nytt at brot på menneskerettane i eit land ikkje er ei intern sak, men noko som vedkjem alle deltakarland. Frå norsk side ser ein det som svært positivt at ein lukkast i å verte samde om ei slik erklæring.

Parlamentarikarforsamlinga i OSSE spelar ei viktig rolle i valobservasjon. Dessverre har tilhøvet mellom forsamlinga og ODIHR til tider vore spent. I ein situasjon der valobservasjonsarbeidet til OSSE er under stort press frå einskilte deltakarland, er det viktig at ein får til eit styrkt samarbeid mellom Parlamentarikarforsamlinga og ODIHR.

ODIHR har i dei seinare åra har bygd opp ein informasjonsbase, som gjev eit oversyn over rasistisk motiverte hendingar i deltakarlanda, som også omfattar nasjonal lovgjeving på området og konkrete eksempel på tiltak mot rasisme. ODIHR har òg ei rekkje prosjekt som rettar seg mot skuleverket, og som omfattar utvikling av skulemateriell om holocaust og andre utslag av rasisme. Vidare er det utvikla utdanningsprogram retta mot politiet og justisvesenet. Noreg er oppteke av at OSSE sitt

arbeid med toleransespørsmål skal sjåast i samanheng med den fleirkulturelle og fleirreligiøse dialogen som går føre seg i FN og Europarådet.

3.2 Menneskehandel og seksuell utnytting av barn

Menneskehandel er ei alvorleg utfordring for alle OSSE-land, anten som opphavsland, transitland eller mottakarland. Den mest utbreidde forma for menneskehandel i OSSE-området er kvinner og barn som vert utnytta til prostitusjon og andre seksuelle føremål. Det er òg eit aukande problem at stadig fleire vert tvinga inn i slaveliknande arbeidstilhøve. OSSE samarbeider nært med andre internasjonale organisasjonar og aktørar i kampen mot menneskehandel. På ministermøtet i Helsingfors i desember 2008 vart det vedteke å styrkje deltakarlanda si etterforskning i menneskehandelsaker. Særleg sendelaga på Vest-Balkan og i Moldova har fokus på menneskehandel, og dei arbeider for å auke medvitet om dette temaet i vertslanda. I tillegg yter dei hjelp til offera og freistar å medverke til å styrkje etterforskninga av menneskehandelsaker. Dei hjelper dessutan vertslanda med å utarbeide handlingsplanar for å nedkjempe menneskehandel. OSSE-spesialrepresentanten for menneskehandelsaker sitt arbeid vert stadig meir synleg i deltakarlanda.

Noreg er ein pådrivar for OSSE sin kamp mot menneskehandel grunna på regjeringa sin handlingsplan for ein samordna innsats for å stoppe handelen med menneske og for å sikre offera hjelp og vern.

3.3 OSSE-høgkommissæren for nasjonale minoritetar

Knut Vollebæk har sidan sommaren 2007 vore OSSE-høgkommissær for nasjonale minoritetar (HCNM). Dette er ei viktig stilling i organisasjonen fordi Høgkommissæren har som oppgåve å varsle om og medverke til å førebyggje destabiliserande etniske konflikhtar i OSSE-området. HCNM opererer i område med potensielle etniske konflikhtar og freistar å forhindre slike gjennom stille diplomati på høgaste plan. Høgkommissæren vitjar med jamne mellomrom særleg Sentral-Asia, Sør-Kaukasus, Vest-Balkan og Baltikum.

Høgkommissæren tek i arbeidet sitt utgangspunkt i vedtekne internasjonale standardar knytte til rettane til minoritetane. På grunnlag av dei skyldnadene som deltakarlanda i OSSE har teke på seg, har HCNM gjennom institusjonen sin femtenårige

eksistens lagt etablerte normer til grunn for balanserte og rettferdige løysingar, som er tilpassa ulike lokale og regionale utfordringar. Samstundes har HCNM hjulpet ulike land med å utforme nasjonal lovgeving og har utferdta eigne allmenne retningslinjer knytte til rettane til minoritetane, mellom anna på områda utdanning, språk og deltaking i samfunnet.

Vollebæk presenterte i juni 2008 eit sett slike nye tilrådingar om handsaming av minoritetsspørsmål i mellomstatlege tilhøve. Der vert statane sitt ansvar for å verne nasjonale minoritetar innanfor eigen jurisdiksjon framheva. Høgkommissæren understrekar vidare at statane må respektere andre statar sin suverenitet og territoriale integritet og etterleve folkeretten dersom dei gjer noko for å verne, forsvare eller stø nasjonale minoritetar utanfor eigen jurisdiksjon. Tilrådingane vart særleg aktualiserte gjennom krigshandlingane i Georgia i august 2008, der russiske styrkar tok kontroll over store delar av georgisk territorium, og der dette vart grunngeve med trongen for å verne russiske borgarar.

Vollebæk vitja Georgia rett etter krigen for å kartleggje den interetniske situasjonen i landa, medrekna Abkhasia og Sør-Ossetia. Etter å ha vorte nekta tilgjenge til Sør-Ossetia (eit brot på mandatet til HCNM) understreka Vollebæk at den parten som kontrollerer territoriet, også må respektere rettane til, og leggje til rette for retur av, dei etniske georgiarane. Det har ikkje hendt, og ein trur at det per i dag ikkje er etniske georgiarar att i Sør-Ossetia. Høgkommissæren held fram engasjementet sitt i Abkhasia, særleg i sør, der det primært bur etniske georgiarar, med sikte på å førebyggje mogeleg vidare konflikt og å forhindre nye bølger av internt fordrivne i Georgia. Samstundes stø Høgkommissæren bevaring av abkhasisk språk og kultur.

Krigen i Georgia har vist at førebygging av konflikhtar med etniske aspekt framleis må gjevast høgaste prioritet innanfor rammene av OSSE. Både på Balkan og i tidlegare sovjetiske statar er store delar av samfunnet i realiteten framleis todelt, der ulike etniske grupper bur kvar for seg, ofte utan å tale kvarandre sitt språk, og har parallelle strukturar for utdanning og lokale styresett. I økonomiske nedgangstider kan slike samfunn vere særleg mottakelege for oppblomstring av aggressiv nasjonalisme og andre mogeleg destruktive og destabiliserande strøymingar. Høgkommissæren vil arbeide vidare innanfor mandatet sitt for å fremje integrasjon og berekraftig sameksistens med sikte på å førebyggje konflikhtar der nasjonale minoritetar er involverte.

Regjeringa vil vidareføre støtta til Høgkommissæren sitt arbeid.

4 Økonomisk og miljømessig samarbeid

Arbeidet med økonomiske og miljømessige spørsmål er eit viktig felt i OSSE si breie tilnærming til konfliktførebyggjande arbeid. Ei hovudoppgåve er å identifisere og møte økonomiske og miljømessige utfordringar og trugsmål mot tryggleiken i OSSE-området.

Arbeidet har vore konsentrert om område som godt styresett, sambandet mellom miljø og tryggleik, medrekna regionalt samarbeid om grensekryssande vassforvalting, migrasjon og transport- og energitryggleik. Madrid-erklæringa om miljø- og tryggleik legg vekt på at OSSE, som ein regional tryggingsorganisasjon etter FN-pakta kapittel VIII, har ei utfyllande rolle innanfor mandatet sitt når det gjeld å møte utfordringa frå klimaendringane. Den finske formannskapet har òg ønskt å setje dei tryggingsmessige følgjene av klimaendringar på OSSE-dagsordenen og har fått brei støtte frå mellom andre EU, men på grunn av russisk motstand har det hittil ikkje lukkast å oppnå konsensus om å mobilisere OSSE i arbeidet med desse spørsmåla.

Organisasjonen samarbeider nært med andre relevante aktørar i dette arbeidet, mellom andre FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE), FNs utviklingsprogram (UNDP), FNs miljøprogram (UNEP) og NATO, om gjennomføringa av meir enn 50 prosjekt som fokuserer på tilhøvet mellom miljø og tryggleik. Også Noreg yter tilskot her med støtte til ulike prosjekt.

Regjeringa meiner at OSSE har ei viktig rolle når det gjeld tema og problemområde som utgjær

tryggingsmessige utfordringar. Samstundes har organisasjonen avgrensa ressursar, og det er viktig at OSSE legg vekt på å konsentrere arbeidet om område der organisasjonen har faglege føremoner. Regjeringa meiner at samanhengane mellom miljø, klima og tryggleik framleis vil vere ei viktig oppgåve for OSSE.

Samarbeidet om maritime transportruter og innlandsvassvegar i OSSE-området, med vekt på auka tryggleik og betre vern av miljøet, var tema for OSSEs 16. økonomiske og miljømessige forum i 2008. På møtet i Helsingfors vedtok utanriksministrane å styrkje dialogen og samarbeidet om tryggingsmessige, økonomiske og miljømessige sider ved maritime transportruter og innlandsvassvegar. Vidare utvikling av samarbeidet mellom OSSE og internasjonale organisasjonar som FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) og UNECE vil vere eit viktig element i dette arbeidet, og deltakarlanda vert oppfordra til å slutte seg til relevante konvensjonar under IMO og UNECE.

I arbeidet med økonomiske og miljømessige spørsmål vil den greske OSSE-formannskapet i 2009 prioritere migrasjon og følgjene for stabilitet og tryggleik i OSSE-området. Den økonomiske krisa må ventast å ramme somme av OSSE-landa hardt, særleg dei som er store eksportørar av arbeidskraft (Moldova, Armenia, Kirgisistan og Tadsjikistan). Situasjonen i desse landa og for desse vandrearbeidarane må ventast å verte verre i 2009. Regjeringa vil vidareføre støtta til OSSE sitt arbeid med migrasjonsspørsmål.

5 Politisk-militært samarbeid

Arbeidet innanfor det politisk-militære området har i 2008 vore prega av Georgia-konflikten, Russlands suspensjon av CFE-avtala, og det russiske framlegget om ein ny tryggingsarkitektur for Europa. Trugsmåla i dag mot regional tryggleik stammar i første rekkje frå internasjonal terrorisme, organisert kriminalitet, interne maktkampar og etniske eller religiøse konflikhtar. Men krig i Georgia viste at den tida ikkje er forbi då også land i Europa tyr til militær makt for å oppnå måla sine. Trongen for konvensjonell nedrusting og tryggleiks- og tillitsskapande tiltak i Europa vart ikkje redusert i fjor.

OSSE står i fremste rekkje i utviklinga av eit fleirnasjonalt regelverk mot ulovleg handel med handvåpen. Arbeidet baserer seg på OSSE-handvåpendokumentet frå 2000, og det er skipa ein samarbeidsmekanisme for å få til lik standard i alle deltakarlanda. OSSE samarbeider òg med andre regionale organisasjonar i dette arbeidet. Deltakarlanda i OSSE arbeider kontinuerleg med destruksjon av overskotsvåpen og overskotsammunisjon, og i perioden 2001–2007 vart det destruert 7,7 millionar handvåpen i OSSE-regionen.

OSSE medverkar òg til sikring og destruksjon av lager av konvensjonell ammunisjon som til dels er dårleg sikra og utgjer eit tryggingstrugsmål både direkte og indirekte. Ammunisjonen er òg eit stort miljøproblem som hemmar lokal økonomisk utvikling. Det er difor viktig å raskt få denne ammunisjonen under kontroll og å destruere overskotet. Ei rekkje deltakarland har bede OSSE om støtte til destruksjon av overskotslager. Noreg stødde i 2008 sikrings- og destruksjonsprogrammet i Tadsjikistan både økonomisk og med personell, og har gjeve finansiell støtte til sikringsprosjekt i Kviterussland. Vidare har Noreg stilt med teknisk sakkunnige i ei første kartlegging av tilsvarende oppgåver i Ukraina.

OSSE er likeins engasjert i destruksjon av gammalt, giftig rakettdrivstoff («mélange») som utgjer eit stort miljøproblem i fleire OSSE-land, mellom anna fordi lagringstankane har byrja å leke og sleppe ut gift i grunnvatnet. Noreg gjev økonomisk støtte til destruksjon av rakettdrivstoff i Ukraina. Regjeringa vil framleis stø OSSE sitt arbeid for å

hindre spreiding av handvåpen og medverke til destruksjon av ammunisjon og rakettdrivstoff.

5.1 Konvensjonell nedrustning

OSSE har utvikla ei rekkje tillits- og tryggleiksskapende tiltak, mellom anna gjensidig utveksling av informasjon om forsvarsplanlegging, stridskrefter, utrusting og aktivitetar. Ei viktig plattform for dette arbeidet er Wien-dokumentet av 1999. Informasjonen vert verifisert ved inspeksjonar og evalueringsvitjing. I samsvar med denne avtala vart det i 2008 gjennomført i alt 109 inspeksjonar og 54 evalueringsvitjingar i OSSE-området. Av desse stod Russland for omkring ein tredel, 30 inspeksjonar og 28 evalueringsvitjingar. Noreg gjennomførde ein inspeksjon i Russland og ei evalueringsvitjing i Tadsjikistan og tok imot ein inspeksjon frå Russland og ei evalueringsvitjing frå Kroatia. Det er venta at aktiviteten vert vidareført på same nivå i 2009.

Avtala om opne luftrom tok til å gjelde i 2002. Føremålet med avtala er å skape større openskap gjennom gjensidig opning av landa sine luftrom for eit avtalt tal årlege overflygingar med fly som er utstyrde med bestemte sensorar. Det er 34 statspartar i avtala, og ho dekkjer eit vidare geografisk område enn Wien-dokumentet av 1999 og CFE-avtala («frå Vancouver til Vladivostok»). Avtala om opne luftrom styrkjer sjansane til innsyn i og openskap om tilhøve på bakken i land som er av interesse. Ho stør såleis opp om verifikasjonsarbeidet som er fastsett i andre avtalar, og tillits- og tryggleiksskapende tiltak. Flygingane vert i stor grad gjennomførde i fellesskap av to eller fleire statspartar, og samarbeidet mellom alle medlemslanda er velutvikla og godt. I 2008 vart det gjennomført i alt 106 flygingar etter avtala om opne luftrom. Noreg gjennomførde tre flygingar over Russland, og tok imot to russiske flygingar. Det er venta at aktiviteten held fram på same nivå eller aukar noko i 2009.

Den såkalla åtferdskodeksen for politisk-militære tryggingsaspekt av 1994 omhandlar skyldnader om mellom anna avståing frå militær maktbruk eller trugsmål om slik maktbruk, og samarbeid i

terrorismenedkjemping. Føremålet er mellom anna å medverke til demokratisering av væpna styrkar i heile OSSE-området.

I tillegg overvaker og verifiserer OSSE destruksjon og avgrensingar av tyngre våpen for Bosnia-Hercegovina, Kroatia, Montenegro og Serbia. Gjennomføringa har gått rutinemessig i 2008 òg og har medverka til ei normalisering mellom partane. Noreg står dette regimet kvart år med inspektørar i samband med to av inspeksjonane i området.

5.2 CFE-avtala

CFE-avtala har sidan 1992 medverka til å fjerne over 64 000 tyngre våpen i Europa. Avtala avgrensar offensiv militær kapasitet og medverkar til å hindre destabiliserande styrkekonsentrasjonar. Dette gjeld òg i nærområda til Noreg.

På OSSE-toppmøtet i 1999 vart ei ny avtale vedteken som var betre tilpassa dei endra tryggingsspolitiske realitetane i Europa. Den tilpassa avtala vil ta til å gjelde når alle 30 statspartane har ratifisert ho. Ratifikasjonsprosessen har aldri kome i gang på vestleg side fordi føresetnaden om tilbaketrekking av russisk personell og utstyr frå Georgia og Moldova (dei såkalla Istanbul-skyldnadene frå toppmøtet i 1999) ikkje er oppfylte. Russland «suspenderte» frå og med 12. desember 2007 etterleving av dei operative skyldnadene sine etter CFE-avtala. Grunngevinga er hovudsakleg manglande vestleg ratifikasjon av den tilpassa CFE-avtala, restriksjonar på utplassering av russiske styrkar i flankeområda i avtala, og NATO-utvidinga. Russland meiner dessutan at CFE-avtala ikkje lenger er i tråd med dei tryggingsspolitiske realitetane i Europa i dag. Det var ikkje rørsle i forhandlingane i løpet av 2008, trass i ei rekkje freistnader i den felles samrådsgruppa og andre fora.

CFE-avtala er rettsleg bindande og har verka slik det var meininga. Komponentane i avtala, restriksjonar på konvensjonelle styrkar, openskap gjennom utveksling av informasjon om militær struktur og materiell samt verifikasjon ved inspeksjon av militære avdelingar, kan ikkje erstattast med politiske bindande avtalar. Dersom CFE-avtala fell bort, forsvinn breidda i den openskapen, det innsynet og den gjensidige forståinga som er opparbeidd sidan 1992. Det dårlegare klimaet som følgjer av dette, kan òg få negativ innverknad på Wien-dokumentet av 1999 og avtala om opne luftrom.

Regjeringa ser det som svært viktig å halde ved lag CFE-avtala og å få Russland til å oppheve «sus-

pensjonen» sin. Restriksjonane på russiske og andre land si utplassering av styrkar i flankeområda i avtala er ein viktig del av CFE-avtala og den tilpassa CFE-avtala.

I 2008 vart det gjennomført i alt 91 CFE-inspeksjonar. Russland av slo alle inspeksjonar med tilvising til suspensjonen sin. Noreg gjennomførte ein inspeksjon i Ukraina og ein i Aserbajdsjan, men tok ikkje imot nokon. Aktiviteten vil venteleg halde fram på same nivå så lenge den russiske suspensjonen varer.

5.3 Tryggingssktorreform

OSSE gjer ein stor innsats når det gjeld tryggingssktorreform og medverkar særleg til politireform og politiutdanning, auka demokratisk kontroll med tryggingssstyrkane og justissektorreform. OSSE sitt arbeid på politiområdet omfattar ekspertrådgjeving, fagleg hjelp og utvikling av ansvarlege nasjonale polititenester som hjelper og vernar innbyggjarane. OSSE-sendelaget er òg involvert i utviklinga av nasjonale lovverk i dei respektive vertslanda.

Seksten av OSSE sine sendelag medverka i arbeidet på politiområdet i 2008. Dei største politi-programma er på Vest-Balkan, men det er etter kvart kome i gang program i Sentral-Asia, Sør-Kaukasus og Aust-Europa òg. Arbeidet vert finansiert delvis gjennom frivillige midlar. Noreg har dei siste åra medverka til OSSE sitt arbeid med politireformer i Serbia, Makedonia, Armenia, Georgia og Kirgisistan. Regjeringa vil vidareføre støtta til OSSE sin innsats for tryggingssktorreform.

5.4 Grensetryggleik

På ministtermøtet i 2005 vart deltakarlanda samde om eit OSSE-konsept for grensetryggleik og forvalting av grensekontroll. Føremålet med konseptet er å fremje samarbeidet mellom grense- og tollstyresmakter og leggje til rette for rørsle av menneske, varer, tenester og investeringar over landegrensene innanfor lovlege rammer. Deltakarlanda samarbeider om reisedokument og visum, med lette av visumregime som eit langsiktig perspektiv, og vil òg samarbeide om å motarbeide terrortrugsmål og å førebyggje og motarbeide organisert kriminalitet, medrekna handel med menneske, narkotika og våpen og ulovleg migrasjon. I 2006 vart det skipa eit nettverk av nasjonale kontaktpunkt for grensespørsmål for å lette informasjonsutvekslinga mellom deltakarlanda.

I 2007 og 2008 har OSSE hatt eit særleg fokus på grensetryggleik i Sentral-Asia, og særleg når det gjeld grensa mot Afghanistan. Ønsket om å trappe opp OSSE sin innsats til støtte for tiltak for å sikre grensene mellom deltakarlanda i OSSE i Sentral-Asia og Afghanistan er eit viktig element i vedtaket frå 2007 om OSSE sitt engasjement i Afghanistan. Vedtaket legg òg vekt på å trekkje afghanske motpartar sterkare med i verksemda til OSSE, mellom anna i arbeidet med grensetryggleik og grensekontroll.

OSSE er i ferd med å setje i verk ei rekkje prosjekt for å styrkje grensetryggleiken og grenseforvaltinga i dei sentralasiatiske landa, mellom anna ved utarbeiding av nasjonale grensestrategiar, opplæring i patruljeringsverksemd og tollkontroll, samt skiping av eit regionalt senter for grensetryggleik og grenseforvalting i Dusjanbe og eit tilsvarende senter for tolloplæring i Bisjkek. Aktivitetane vil òg kome afghanske tenestemenn til gode.

Tryggleik og stabilitet i Afghanistan på lang sikt er av stor verdi for OSSE-området, og særleg Sentral-Asia, der dei nasjonale kapasitetane er svakast. Smugling av våpen, narkotika og menneske har ein destabiliserande verknad på landa i regionen og har òg ein negativ verknad på Noreg. Regjeringa legg stor vekt på det arbeidet som OSSE gjer på områda grensetryggleik og grenseforvalting. Forutan støtte til eit grensetryggleiksprosjekt i Kviterussland har Noreg i 2008 ytt støtte til prosjekt i Tadsjikistan, Kirgisistan og Turkmenistan.

5.5 Kamp mot organisert kriminalitet

OSSE har dei siste par åra styrkt innsatsen mot organisert kriminalitet. Gjennom organisasjonen sin breie og heilskaplege tilnærming til tryggleik og nærvere i ei rekkje land kan OSSE hjelpe til med langsiktige preventive tiltak. Tilskotet frå organisasjonen ligg særleg i å yte støtte til spesialiserte organisasjonar og deltakarlanda i arbeidet

deira med å styrkje kampen mot denne forma for kriminalitet, mellom anna ved nettverksbygging, informasjonsutveksling og kapasitetsbygging.

Noreg har stødd dette arbeidet aktivt og tok i 2007 eit initiativ til eit tettare samarbeid mellom OSSE og FN-kontoret mot narkotika og kriminalitet (UNODC) og gav i 2008 to millionar kroner til eit program for å medverke til at dei sentralasiatiske deltakarlanda vert sett betre i stand til å kunne gjennomføre skyldnadene i FN-konvensjonen for nedkjemping av organisert kriminalitet (Palermo-konvensjonen). Dette arbeidet, som vert avslutta i 2009, har møtt stor interesse i regionen.

5.6 Kamp mot internasjonal terrorisme

FNs tryggingsrådsresolusjonar, protokollar og konvensjonar utgjer det juridiske og politiske rammeverket for OSSE sitt arbeid mot terrorisme. OSSE si rolle er å medverke til å auke medvitet og kunnskapen om dei problema ein står overfor i innsatsen mot internasjonal terrorisme i OSSE-regionen. Vidare medverkar organisasjonen til å skape politisk tilslutnad til nye initiativ og tener som plattform for samarbeid mellom tekniske ekspertar frå deltakarlanda og spesialorganisasjonar. Føremålet er å stimulere til internasjonalt samarbeid og finne mottiltak mot terrorisme samt å forhindre dobbeltarbeid gjennom samarbeid med andre regionale institusjonar. OSSE har dei siste par åra fokusert særleg på korleis offentlege og private aktørar kan samarbeide for å motarbeide terrorisme, og ein større konferanse med deltakarar frå private selskap og frå styresmaktene i deltakarlanda vart halde i Wien i 2008. Søkjeljoset har òg vorte sett på å kome fram til tiltak mot valdeleg ekstremisme og radikalisering som kan føre til terrorisme. På ministermøtet i Helsingfors i desember 2008 vedtok utanriksministrane å vidareføre OSSE sitt arbeid mot terrorisme langs desse linene. Dette er eit arbeid regjeringa framleis vil stø opp om.

6 Partnarsamarbeid

Dei elleve partnerlanda til OSSE er Japan, Sør-Korea, Thailand, Afghanistan, Mongolia, Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko og Tunis. Partnerlanda deltek i ulike OSSE-aktivitetar, mellom anna på møta i Det faste rådet i OSSE.

I samarbeidet og dialogen med partnerlanda i Asia vart det i 2008 lagt vekt på vidare utdjuping av dialogen innanfor OSSE sine tre dimensjonar, kontinuitet og oppfølging av tidlegare tilrådingar, samt fremjing av og støtte til nye initiativ frå dei asiatiske partnerane si side. Arbeidet har vore konsentrert om antiterrorisme, grenseforvalting og grensetryggleik, politisamarbeid og kampen mot menneskehandel. Japan har vidareført arbeidet sitt for å setje menneskeleg tryggleik på OSSE-dagsordenen, eit arbeid som vi òg stør opp om frå norsk side.

Vedtaket i Madrid var det første der OSSE vedtok eit samarbeidsprogram med eit partnerland. Styrkt grensetryggleik mellom dei sentralasiatiske deltakarlanda og Afghanistan vil vere eit viktig tilskot til større stabilitet og tryggleik i OSSE-regionen. Dette har vore ei viktig oppgåve i 2008.

Det er utarbeidd ein prosjektpakke som omfattar hjelp til afghansk grensepoliti og tollvesen, samt for eit mogeleg engasjement inne i Afghanistan. Det har hittil ikkje lukkast å oppnå semje om prosjektpakken som heilskap på grunn av ulike syn når det gjeld spørsmålet om eit OSSE-engasjement inne på afghansk territorium. I mellomtida har ein starta opp arbeidet med einskilte prosjekt innanfor pakken. Noreg stør OSSE sitt samarbeid med Afghanistan, og vi har i 2008 ytt ca. 5 millionar

kroner til grenseovervakings- og tolloplæringsprosjekt i regionen.

Den årlege konferansen med partnerlanda i Asia vart for første gong halde i Kabul i oktober 2008. Hovudtemaa var tryggingsutfordringane i Afghanistan og dei tryggingsmessige følgjene for Sentral-Asia samt kva OSSE kan gjere for å stø opp om det internasjonale engasjementet i Afghanistan. Afghanske styresmakter ønskjer eit styrkt samarbeid med OSSE, mellom anna i samband med presidentvalet i 2009.


Samarbeidet med Afghanistan vil framleis vere prioritert for OSSE. Noreg vil støtte eit styrkt OSSE-engasjement på områda grensetryggleik, politireform og valspørsmål.

OSSE har eit partnarsamarbeid med somme middelhavsland. Deltakarlanda i OSSE har årlege møte med partnerlanda i middelhavsområdet. OSSE si tilnærming til regional tryggleik var hovudspørsmålet på det årlege middelhavsseminaret, som i 2008 vart arrangert i Amman. Dialogen med middelhavspartnerlanda har dessverre så langt ikkje gjeve dei ønskje politiske resultata.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 17. april 2009 om samarbeidet i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) i 2008 vert send Stortinget.

Vedlegg 1**Organisasjonskart: OSSEs organisasjon og institusjonar**

Figur 1.1 Organisasjonskart: OSSEs organisasjon og institusjonar

Vedlegg 2**Vedtak nr. 1/08. Oppnemning av direktør for Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar**

Ministerrådet,

som minner om vedtaket som Ministerrådet gjorde på sitt andre møte i Praha i 1992 om utvikling av Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR),

som tek omsyn til at etter ministerrådsvedtak nr. 1/06 vil mandatperioden til den no fungerande direktøren for ODIHR, Christian Strohal, gå ut 30. juni 2008,

som uttrykkjer si takksemd til avtroppande direktør for ODIHR, Christian Strohal,

som tek omsyn til tilrådinga frå Det faste rådet, vedtek å nemne opp Janez Lenarčič til direktør for ODIHR for ein periode på tre år, med verknad frå 1. juli 2008.

Tolkingserklæring i samsvar med punkt iv.1(a)6 i møteføresegnene til Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i europa

Frå delegasjonen frå Kviterussland:

«I samband med vedtaket i OSSEs ministerråd om å nemne opp ambassadør Janez Lenarčič til stillinga som direktør i OSSE-kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) har delegasjonen vår fullmakt til å kome med denne tolkingserklæringa.

Vi har slutta oss til konsensus når det gjeld kandidaturet til ambassadør Janez Lenarčič, og minner om at reforma av OSSEs ODIHR må halde fram for å gjere aktivitetane til ODIHR meir opne og gjere ODIHR meir ansvarleg overfor OSSEs kollektive organ. Vi forventar at den nye direktøren i kontoret kjem med relevante framlegg og gjennomfører relevante tiltak, medrekna dei tiltaka som krevst for å få ei fullstendig gjennomføring av vedtak nr. 19/06, som vart gjort på møtet i OSSEs ministerråd i Brussel, i den delen som gjaldt ODIHR. Vi stadfestar samstundes at vi vil samarbeide konstruktivt med den nye direktøren i ODIHR.

Vi meiner at det som må prioriterast høgast, er å løyse problema med å få orden på valobservasjonar og organiseringa av OSSEs arrangement om den menneskelege dimensjonen. Særleg må ein ta konkrete steg for å standardisere framgangsmåtene for valobservasjon og gjere desse om til ein-sarta reglar som alle deltakarstatane er samde om, og dessutan må ein justere reglane for korleis OSSEs arrangement om den menneskelege dimensjonen skal haldast.

I denne samanhengen minner vi om framlegga frå ei rekkje deltakarstatar i 2007 om å vedta «Grunnleggjande prinsipp for organiseringa av OSSE/ODIHR-observasjon av nasjonale val» og «Reglar om deltaking frå ikkje-statlege organisasjonar på OSSE-møte».

Det er òg viktig å halde fram arbeidet med å gjere ODIHRs finansiering utanom budsjettet meir open. Vi tek det standpunktet at kontoret, i samsvar med mandatet sitt, vert oppmoda til å hjelpe deltakarstatane med å oppfylle skyldnader innanfor OSSE når statane ber om det, og ikkje å prakke slik «hjelp» på dei.

Vi understrekar at ODIHR er ein spesialinstitusjon i OSSE og difor er ansvarleg overfor alle deltakarstatane. Vi ser som utillateleg all ODIHR-aktivitet som vert utført utan godkjenning frå dei kollektive organa i OSSE, eller som omgår vedtaka til OSSE.

Vi vil strukturere det framtidige samarbeidet vårt med ODIHR og vil òg revidere haldninga vår innanfor ramma av diskusjonen om programaktivitetane og budsjettet til kontoret, avhengig av i kva grad leiinga i kontoret tek omsyn til dei ovannemnde tilnærmingsmåtane i aktivitetane sine.

Vi ber om at denne erklæringa vert lagd ved vedtaket og vert teke inn som vedlegg til journalen for møtet i dag.»

Vedlegg 3**Vedtak nr. 2/08. Gjenoppnemning av OSSEs generalsekretær**

Ministerrådet,

som minner om vedtaket frå det tredje møtet i OSSEs ministerråd i Stockholm i 1992 om å skipe stillinga som generalsekretær og ministerrådsvedtak nr. 15/04 av 7. desember 2004 (MC.DEC/15/04) om rolla til OSSEs generalsekretær,

som minner om ministerrådsvedtak nr. 1/05 av 10. juni 2005 (MC.DEC/1/05) om oppnemning av Marc Perrin de Brichambaut som generalsekretær

i OSSE for ein periode på tre år, med verknad frå 21. juni 2005,

som tek omsyn til tilrådinga frå Det faste rådet, vedtek å gjenoppnemne Marc Perrin de Brichambaut som generalsekretær i OSSE for ein periode på tre år, med verknad frå 1. juli 2008, som eit unntak frå tenesteperiodane som er nemnde i vedtaket frå det tredje møtet i OSSEs ministerråd i Stockholm i 1992.

Vedlegg 4**Vedtak nr. 3/08. Tenesteperiodar for OSSEs generalsekretær**

Ministerrådet,

som minner om vedtaket frå det tredje møtet i KSSEs ministerråd i Stockholm i 1992 om å skipe stillinga som generalsekretær og ministerrådsvedtak nr. 15/04 av 7. desember 2004 (MC.DEC/15/04) om rolla til OSSEs generalsekretær,

som tek omsyn til at Generalsekretæren har fått ei sterkare rolle og større ansvar når det gjeld

å sørgje for kontinuitet og å leggje til rette for langtidspanlegging av OSSE-aktivitetar,

som tek sikte på å gjere OSSE endå meir effektiv og sikre ei einsarta gjennomføring av OSSE-reglane om tenesteperiodar,

vedtek at OSSEs generalsekretær skal oppnemnast for ein periode på tre år, som kan forlengjast med ein andre og endeleg periode på tre år.

Vedlegg 5**Vedtak nr. 4/08. Styrking av det rettslege rammeverket for OSSE**

Ministerrådet,

som er rettleidd av det felles målet vårt om å styrkje det rettslege rammeverket for OSSE,

i samsvar med dei relevante vedtaka frå toppmøtet i Helsingfors i 1992, frå ministermøtet i Stockholm i 1992 og frå ministermøtet i Roma i 1993,

som viser til ministerrådsvedtak nr. 16/06 frå Brussel om OSSEs status som rettssubjekt og privilegium og immunitet for OSSE og vedlegga til det,

som rosar den uformelle arbeidsgruppa av ekspertar, som er pålagd ei oppgåve i dette ministerrådsvedtaket, for det verdifulle arbeidet som gruppa har utført i 2007, og som merkar seg rundebordsdiskusjonen 22. oktober 2008 i Wien i regi av den finske formannskapet,

som understrekar at det er viktig at OSSE får internasjonal rettsleg status,

pålegg Formannskapet å føre, i samråd med deltakarstatane, ein dialog om styrking av det rettslege rammeverket for OSSE og å rapportere til ministermøtet i Aten i 2009.

Tolkingserklæring i samsvar med punkt**iv.1(a)6 i møteføresegnene til Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i europa**

Frå delegasjonen frå Armenia (også på vegner av Kviterussland, Kasakhstan, Kirgisistan, Usbekistan, Den russiske føderasjonen, Tadsjikistan):

«Delegasjonane frå Republikken Armenia, Republikken Kviterussland, Republikken Kasakhstan, Republikken Kirgisistan, Den russiske føderasjonen, Republikken Tadsjikistan og Republikken Usbekistan slutta seg til konsensus i vedtaket om å styrkje det rettslege rammeverket for OSSE under føresetnad av at pålegget til OSSE-formannskapet om å føre dialog om å styrkje det rettslege rammeverket for OSSE tydde at ein skulle byrje på arbeidet med utkastet til OSSE-pakt.

Vi viser til utkastet til OSSE-pakt som vart utarbeidd og lagt fram 18. september 2007 av delegasjonane frå Republikken Armenia, Republikken Kviterussland, Republikken Kasakhstan, Republikken Kirgisistan, Den russiske føderasjonen, Republikken Tadsjikistan og Republikken Usbekistan (PC.DEL/897/07), som kan nyttast som grunnlag for vidare arbeid.

Vi meiner framleis at utkastet til OSSE-pakt og konvensjon om status som rettssubjekt, om rettsleg handleevne og om privilegium og immunitet for OSSE bør vedtakast samstundes.»

Vi ber om at denne tolkingserklæringa vert lagd ved vedtaket og vert teke inn i journalen for møtet i OSSEs ministerråd.

Vedlegg 6**Vedtak nr. 5/08. Styrking av strafferettslege reaksjonar på menneskehandel gjennom ei brei tilnærming**

Ministerrådet,

som framhevar at det er svært uroleg over at menneskehandel framleis er utbreidd i OSSE-området,

som tek omsyn til at menneskehandel er eit alvorleg og avskyelig lovbrøt som krenkjer menneskeverdet og undergrev menneskerettane og grunnleggjande fridomar, og som organiserte kriminelle nettverk lever av,

som tek Europarådets konvensjon om tiltak mot menneskehandel til etterretning,

som stadfestar alle OSSE sine skyldnader til å nedkjempe menneskehandel, med særleg vekt på OSSEs handlingsplan mot menneskehandel, medrekna tillegget om å vareta barns særlege trong for vern og hjelp som offer for menneskehandel (OSSE-handlingsplanen) og trongen for gjennomføring av desse,

som tek opp att at spesialrepresentanten og samordnaren for nedkjemping av menneskehandel (spesialrepresentanten) spelar ei viktig rolle når det gjeld å hjelpe deltakarstatane med å gjennomføre OSSE-skyldnadene når det gjeld nedkjemping av menneskehandel,

som tek opp att at det er uroleg over at, trass i langvarige tiltak på internasjonalt, regionalt og nasjonalt plan, er talet på offer for menneskehandel som har vorte identifiserte og hjelpte framleis lite, og få menneskehandlarar har vorte stilte for retten,

som erkjenner at å gje offer for menneskehandel tilstrekkeleg vern og hjelp og å identifisere fleire offer er føresetnader for ein høveleg strafferettsleg reaksjon, medrekna straffefølgjing av menneskehandlarar og deira medskuldige, på menneskehandel,

som tek opp att at skyldnaden til å nedkjempe denne forma for kriminalitet like mykje gjeld opphavs-, transitt- og mottakarland,

som stadfestar at vi støttar tiltak som deltakarstatane i samarbeid med internasjonale og regionale organisasjonar, ikkje-statlege organisasjonar og andre relevante organ har gjort når det gjeld å vurdere ei omfattande, samordna og integrert tilnærming til nedkjemping av menneskehandel,

som omfattar mellom anna tiltak for å førebyggje menneskehandel og for å verne og hjelpe offer, med full respekt for menneskerettane deira, og for å straffefølgje menneskehandlarar, samt til nedkjemping av aktivitetane til grenseoverskridande kriminelle organisasjonar og andre som tener på menneskehandelen,

som merkar seg OSSE-konferansen om velukka straffefølgjing av menneskehandel: utfordringar og god praksis, som vart halden i Helsingfors 10. og 11. september 2008,

som er fast bestemt på å fremje effektive strafferettslege reaksjonar på menneskehandel,

1. oppmodar dei deltakarstatane som enno ikkje har gjort det, til å sikre at alle former for menneskehandel, slik dette omgrepet er definert i OSSE-handlingsplanen, er straffbare i den nasjonale lovgjevinga, og at gjerningsmennene bak menneskehandel ikkje går straffrie,
2. oppmodar deltakarstatane til å sikre at opplæringa i nedkjemping av menneskehandel er med i pensum for rettshandhevingspersonell, og at det vert gjeve spesialopplæring i nedkjemping av menneskehandel for aktuelle tenestemenn i dei nasjonale påtalemyndighetene og domstolane. Kvar deltakarstat skal ta omsyn til politikk og følgjer med omsyn til menneskehandel når militært og sivilt personell vert sendt utanlands,
3. ber innstendig deltakarstatane om å sikre at rettshandhevingsorgan og eventuelt domstolane samarbeider med kvarandre og med andre organ, medrekna sosialtenestene, og, der det høver, med relevante organisasjonar i sivilsamfunnet for å lette identifiseringa av offer for menneskehandel,
4. oppmodar deltakarstatane der det høver, og der det finst heimel for det i lovene deira, til å sikre at organisasjonar i sivilsamfunnet som arbeider med å verne rettane til offer for menneskehandel, kan gje hjelp og støtte til offer også i straffesaker, og, i denne samanhengen, å vurdere å opprette samarbeid mellom rettshandhevingsorgan og organisasjonar i sivilsamfunnet,

5. oppmodar deltakarstatane til å sikre, når styresmaktene har rimeleg grunn til å tru at ein person er offer for menneskehandel, at vedkomande ikkje vert utvist før identifiseringsprosessen er tilstrekkeleg fullført, og vedkomande har fått høveleg hjelp, medrekna, dersom det krevst etter nasjonal lovgjeving, ein høveleg rekonvalesens- og refleksjonsperiode då vedkomande ikkje skal utvisast,
 6. oppmodar deltakarstatane til å sikre at offer for menneskehandel har tilgang utan ugrunna opphald til ein trygg stad å bu, psykologisk og medisinsk hjelp og rådgjeving om deira juridiske rettar og tilgjengelege tenester,
 7. oppmodar dei deltakarstatane som enno ikkje har gjort det, til å sørje for særlege verne- og hjelpetiltak for barn som er offer for menneskehandel, gjennom heile straffesaka, i samsvar med prinsippa om kva som er best for barnet, ikkje-diskriminering, deltaking og at barnet kan verte høyrd,
 8. ber innstendig dei deltakarstatane som enno ikkje har gjort det, om å sikre at etterforsking av eller straffefølgjing i samband med menneskehandel ikkje er avhengig av at eit offer har meldt saka eller sett fram klage,
 9. oppmodar deltakarstatane til å halde fram arbeidet med å sikre at offer for menneskehandel vert handsama på ein måte som gjer at alle får fullt utbyte av menneskerettane utan å verte utsett for trugsmål eller trakassering, og å erkjenne at offer treng tilstrekkeleg tid til å kome seg etter traume,
 10. oppmodar deltakarstatane til å gjere tiltak i samsvar med deira respektive lover slik at offer for menneskehandel kan verte tilkjende ei rettferdig og høveleg skadebot for skade som dei har lidd, og kan krevje skadebot i straffesaker og/eller sivilsaker,
 11. manar nasjonale rettshandhevings- og straffefølgingsorgan til å samarbeide meir med relevante internasjonale organ, mellom andre Interpol og Europol, og med rettshandhevingsorgana i andre deltakarstatar, til dømes ved bruk av kontaktpersonar eller felles etterforsklingslag, der dette vil gjere strafferettslege reaksjonar meir effektive,
 12. ber innstendig deltakarstatane om å intensivere tiltak for å sprengje menneskehandelsnettverk, mellom anna ved økonomisk etterforsking, etterforsking av kvitvasking av pengar i samband med menneskehandel og frysing eller inndraging av midlane til menneskehandlarar,
 13. pålegg spesialrepresentanten, innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane og som ein del av den regelmessige rapporteringa til Det faste rådet, å tilrå, i samarbeid med deltakarstatane, måtar å gjere strafferettslege reaksjonar på menneskehandel endå betre på.
-

Vedlegg 7**Vedtak nr. 6/08. Styrking av OSSE-innsatsen for å gjennomføre handlingsplanen for å betre situasjonen for roma og sinti i OSSE-området**

Ministerrådet,

som stadfestar OSSE sine skyldnader til roma- og sintifolket, særleg skyldnadene i handlingsplanen for å betre situasjonen for roma og sinti i OSSE-området frå 2003,

som erkjenner at handlingsplanen er eit viktig rammeverk for deltakarstatane når det gjeld å fremje og verne menneskerettane til roma- og sintifolket,

oppmodar deltakarstatane til å auke innsatsen for å sikre at roma- og sintifolket kan delta fullt ut i samfunnet, og til å gjere tiltak for å få slutt på diskrimineringa av dei,

som minner om at rasisme og diskriminering framleis går ut over roma- og sintifolket i heile OSSE-området, og at deltakarstatane har forplikta seg til å styrkje politikken sin og dei praktiske tiltaka som dei gjennomfører for å motarbeide desse fenomena,

som minner om at kulturen og språket til romafolket er ein viktig del av kulturarven i mange land og eit integrert element i identiteten til roma- og sintifolket,

som merkar seg ODIHRs statusrapport 2008 (statusrapporten) om gjennomføringa av handlingsplanen for å betre situasjonen for roma og sinti i OSSE-området som ein måte å støtte ei effektiv gjennomføring av OSSE sine skyldnader til roma- og sintifolket på,

som tek opp att tilskotet frå ODIHRs kontaktpunkt for roma- og sintispørsmål i prosessen med regelmessig gjennomgang og vurdering av gjennomføringa av handlingsplanen,

som minner om at dei relevante OSSE-institusjonane og -strukturane er viktige for å støtte gjennomføringa av handlingsplanen, og som òg understrekar at effektiv samordning og samarbeid innan OSSE er viktig,

som merkar seg tilleggsmøtet om den menneskelege dimensjonen den 10. og 11. juli 2008, som drøfta ein berekraftig politikk for integrering av roma- og sintifolket,

som er fast bestemt på styrkje OSSE-innsatsen for å gjennomføre handlingsplanen for å betre situasjonen for roma og sinti i OSSE-området,

1. ber innstendig deltakarstatane om å sørgje for lik tilgang til utdanning og å fremje tidleg utdanning for roma- og sintibarn, som eit middel til å førebyggje sosial utstøyting og marginalisering og for å skape ei langsiktig betring i situasjonen for roma- og sintifolket. Understrekar i denne samanhengen at utdanningspolitikken bør ta sikte på å integrere roma og sinti i utdanningssystemet,
2. oppmodar ODIHR til, innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane, å hjelpe deltakarstatane, når dei ber om det, med å fremje tilgangen for roma- og sintibarn til tidleg utdanning. Ber i denne samanhengen innstendig deltakarstatane om å gjennomføre medvitsaukande tiltak når det høver, også retta mot roma- og sintisamfunn, om føremonene med tidleg utdanning,
3. oppmodar deltakarstatane til i samarbeid med roma- og sintifolket å trappe opp innsatsen for å auke medvitet blant roma- og sintifolket om kor viktig det er å gå på skulen og å halde fram med det,
4. oppmodar deltakarstatane til å vurdere roma- og sintispørsmål når dei gjennomgår lovgjeving og politikk som vedkjem roma- og sintifolket, særleg på dei områda som er prioriterte i handlingsplanen for å betre situasjonen for roma- og sinti i OSSE-området frå 2003,
5. oppmodar dei rette nasjonale styresmaktene med ansvar for situasjonen for roma og sinti, til dømes styresmakter med ansvar for minoritetar, tilgang til helsetenester, utdanning, butilhøve, antidiskrimineringsarbeid, politi og media, til å styrkje innsatsen for å sikre at OSSE-skyldnadene i nasjonal lovgjeving om likskap og ikkje-diskriminering vert oppfylde. I denne samanhengen bør ein sjå særleg på situasjonen for romakvinner og -jenter,

6. oppmodar deltakarstatane som enno ikkje har gjort det, til å setje i verk institusjonelle rammeverk for roma og relevante statlege organ på høvelege plan for å lette gjennomføringa av politikk og program som tek sikte på å betre situasjonen for roma- og sintifolket,
 7. oppmodar deltakarstatane til å styrkje innsatsen for å aktivt engasjere roma- og sintisamfunn i utforminga av politikken for roma- og sintifolket og til å fremje effektiv deltaking frå roma- og sintifolket i det offentlege og politiske livet,
 8. oppmodar til vidare samordning og samarbeid, innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane, innanfor OSSE og med relevante internasjonale aktørar, til dømes Europarådet og Den europeiske unionen der det høver,
 9. oppmodar til sterkare innsats for å auke medvitet om OSSE sine skyldnader til roma- og sintifolket og understrekar i denne samanhengen verdien av at ODIHRs direktør rapporterer om dette som ein del av den regelmessige rapporteringa til Det faste rådet om status for gjennomføringa av handlingsplanen, som fastsett i kapittel X artikkel 133 og 134 i sjølv handlingsplanen.
-

Vedlegg 8**Vedtak nr. 7/08. Ytterlegare styrking av rettsstatlege prinsipp i OSSE-området**

Ministerrådet,

som stadfestar deltakarstatane i OSSE sine skyldnader til rettsstatlege prinsipp og til prinsippa som ligg til grunn for samkvemmet mellom deltakarstatane som er nedfelde i Sluttakta av 1975 frå Helsingfors samt til oppfylling i god tru av skyldnader etter folkeretten og tek opp att at deltakarstatane i OSSE er fast bestemt på å fremje streng respekt for desse prinsippa,

som minner om OSSE-dokumenta som vart vedtekne i Wien 1989, København 1990, Moskva 1991, Budapest 1994 og Istanbul 1999 og ministerrådsvedtak nr. 12/05 frå Ljubljana om varetaking av menneskerettane og rettstryggleiken i straffere rettssystemet,

som òg minner om verdserklæringa om menneskerettane, og som merkar seg Den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettar,

som òg minner om andre relevante FN-dokument som stadfestar mellom anna trongen for universell etterleving og gjennomføring av rettsstatlege prinsipp på både nasjonalt og internasjonalt plan og skyldnaden til ein internasjonal orden grunna på rettsstatlege prinsipp og folkeretten,

som understrekar verdien vi tillegg menneskerettane, rettsstatlege prinsipp og demokrati, som heng saman og gjensidig styrkjer kvarandre,

som òg understrekar verdien av rettsstatlege prinsipp som eit tverrdimensjonalt aspekt for å sikre respekten for menneskerettane og demokrati, tryggleik og stabilitet, godt styresett, gjensidige økonomiske relasjonar og handelsrelasjonar, investeringstryggleik og eit tenleg føretaksklima samt den rolla dei spelar i kampen mot korrupsjon, organisert kriminalitet og alle slags ulovleg handel, til dømes narkotikahandel, våpenhandel og menneskehandel, og tener såleis som eit grunnlag for politisk, økonomisk, sosial og miljømessig utvikling i deltakarstatane,

som òg understrekar verdien av rettsstatlege prinsipp i gjennomføringa av OSSE sine vedtak og dokument i den politiskmilitære sfæren,

som tek omsyn til aktivitetane i samband med rettsstatlege prinsipp til relevante operative struk-

turar i OSSE, særleg Sekretariatet, ODIHR og OSSEs feltoperasjonar, for å hjelpe deltakarstatane med å styrkje evna til å gjennomføre rettsstatlege prinsipp, og som òg tek omsyn til den rolla som parlamentarikarforsamlinga i OSSE spelar når det gjeld å fremje respekt for rettsstatlege prinsipp i OSSE-området,

som tek omsyn til relevante OSSE-arrangement om rettsstatlege prinsipp, særleg OSSE-seminaret om den menneskelege dimensjonen i 2008 om konstitusjonell rettferd, og relevante tilleggs-møte om den menneskelege dimensjonen,

som tek omsyn til deltakarstatane sine pågåande og påemna bilaterale aktivitetar om rettsstatlege prinsipp,

som understrekar verdien av å gje OSSE rettssubjektstatus, rettsleg handleevne, privilegium og immunitet og såleis styrkje det rettslege rammeverket for OSSE,

1. oppmodar deltakarstatane i OSSE til å oppfylle skyldnadene sine etter folkeretten og å etterleve OSSE-skyldnadene sine om rettsstatlege prinsipp på både internasjonalt og nasjonalt plan, også i alle aspekt med omsyn til lovgjeving, administrasjon og domstolane,
2. oppmodar deltakarstatane til å yte tilskot, der det høver, til OSSE-prosjekt og -program som støttar opp om rettsstatlege prinsipp,
3. oppmodar dei relevante operative strukturane i OSSE til, i samsvar med mandata deira og innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane og i samarbeid med relevante internasjonale organisasjonar, å finne fram til og utnytte ytterlegare synergjar for å betre kunne hjelpe deltakarstatane, når deltakarstatane ber om det, med å styrkje rettsstatlege prinsipp,
4. oppmodar deltakarstatane, med hjelp, der det høver, frå dei relevante operative strukturane i OSSE i samsvar med mandata deira og innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane, til å halde fram med og styrkje innsatsen for å dele informasjon og best mogleg praksis og til å styrkje rettsstatlege prinsipp, mellom anna på desse områda:

- sjølvstende for domstolane, effektivt rettsstell, rett til ein rettferdig rettargang, tilgang til domstolane, ansvarlege statlege institusjonar og tenestemenn, respekt for rettsstatlege prinsipp i offentleg administrasjon, rett til rettshjelp og respekt for menneskerettane til innsette,
 - oppfylling av skyldnader etter folkeretten som eit nøkkelement i styrkinga av rettsstatlege prinsipp i OSSE-området,
 - etterleving av prinsippet om fredeleg løysing av tvistar,
 - respekt for rettsstatlege prinsipp og menneskerettane i kampen mot terrorisme i samsvar med skyldnadene etter folkeretten og OSSE-skyldnader,
 - førebygging av tortur og anna grufull, umenneskeleg og nedsetjande handsaming eller straff, mellom anna ved samarbeid med aktuelle mellomstatlege organ,
 - effektiv lovgjeving og eit administrativt og rettsleg rammeverk for å lette økonomisk verksemd, handel og investeringar i og mellom deltakarstatar,
 - respekt for rettsstatlege prinsipp med omsyn til vern av naturmiljøet i OSSE-området,
 - medvitsgjerjing i spørsmål i tilknytning til rettsstatlege prinsipp i domstolar, retts-handhevingsorgan, politi og fengselsstell og i opplæring for juristar,
 - utdanning i rettsstatlege prinsipp samt samspels- og utvekslingshøve for juristar, akademikarar og jusstudentar frå ulike deltakarstatar i OSSE-området,
 - rolla til forfatningsdomstolar eller tilsvarende institusjonar i deltakarstatane som eit middel til å sikre at rettsstatlege prinsipp, demokrati og menneskerettar vert varetekne i alle statlege institusjonar,
 - fastsetjing av effektive rettsmiddel, der det høver, og tilgang til slike,
 - varetaking av standardar og praksis med omsyn til rettsstatlege prinsipp i straffereettssystemet,
 - kamp mot korrupsjon,
5. pålegg dei relevante operative strukturane i OSSE, i nært samråd og samarbeid med deltakarstatane og innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane, å arrangere eit seminar om rettsstatlege prinsipp i 2009, som kan tene som ei plattform for å utveksle best mogleg praksis mellom deltakarstatane i spørsmål i tilknytning til rettsstatlege prinsipp.

Tolkingserklæring i samsvar med punkt iv.1(a)6 i møteføresegnene til Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i europa

Frå delegasjonen frå Georgia:

«Sjølv om vi har slutta oss til konsensus i ministerrådsvedtaket om ytterlegare styrking av rettsstatlege prinsipp i OSSE-området, beklagar Georgia at det på ministermøtet i Helsingfors ikkje har vore mogleg å oppnå semje blant deltakarstatane om gjennomføring av rettsstatlege prinsipp på dei territoria i OSSE-området som har uløyste konflikhtar, der fråveret av legitimt styresett, demokrati, respekt for menneskerettane og mangel på open-skap på både nasjonalt og internasjonalt plan har ført til fullstendig lovløyse på desse territoria i somme tilfelle, som i sin tur har ført til alvorlege og skadelege livstilhøve for borgarane som bur i OSSE-medlemsstatane der. Ei forsvarleg spegling av dette spørsmålet i ministerrådsvedtaket kunne ha vore avgjerande for å sikre universell etterleving og gjennomføring av rettsstatlege prinsipp og oppfylling av skyldnaden til ein internasjonal orden grunna på rettsstatlege prinsipp og folkeretten, stadfesta av relevante OSSE- og FN-dokument.

Vi ber om at denne fråsegna vert lagd ved vedtaket og vert teke inn i journalen for møtet i dag.»

Vedlegg 9**Vedtak nr. 8/08. Bidrag frå OSSE til gjennomføringsfasen av initiativet Allianse mellom sivilisasjonar**

Ministerrådet,

som erkjenner trongen for å fremje gjensidig forståing og samarbeidstilhøve mellom nasjonar på tvers av kulturar og sivilisasjonar,

som har sett seg føre å motarbeide radikaliserings- og valdeleg ekstremisme som fører til terrorisme,

som understrekar OSSEs rolle som ei regional ordning etter kapittel VIII i FN-pakta,

som framhevar at OSSE framleis er interessert i initiativet Alliansen mellom sivilisasjonar («Alliance of Civilizations»), som vart skipa i regi av Dei sameinte nasjonane, i tråd med ministerrådsvedtaka frå Ljubljana, Brussel og Madrid,

som tek opp att skyldnadene våre til å nedkjempe intoleranse og diskriminering og til å fremje gjensidig respekt og forståing,

som minner om det første bidraget frå OSSE til initiativet Alliansen mellom sivilisasjonar, som vart gjeve til FNs generalsekretær i 2006,

som tek omsyn til gjennomføringsplanen som vart utarbeidd av FNs høgrerepresentant for initiativet Alliansen mellom sivilisasjonar,

vedtek, innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane,

1. å gje OSSEs generalsekretær fullmakt til å følgje utviklinga i Alliansen mellom sivilisasjonar og til å vurdere samarbeid om Alliansen mellom sivilisasjonar-prosjekt på område av felles interesse og som er gjensidig fordelaktige, og som fremjar gjennomføring av OSSE sine skyldnader, og pålegg han å rapportere til deltakarstatane,
2. tilrår at OSSEs generalsekretær, i samråd med Formannskapet, deltek på det komande andre forummøtet i Alliansen mellom sivilisasjonar, som skal haldast 2. og 3. april 2009 i Istanbul, og melde frå til deltakarstatane om utfallet av møtet.

Vedlegg 10**Vedtak nr. 9/08. Oppfølging av det 16. møtet i Forum for økonomiske og miljømessige spørsmål om samarbeid om maritime transportruter og innlandsvassvegar**

Ministerrådet,

som tek omsyn til strategidokumentet for den økonomiske og miljømessige dimensjonen, som vart vedteke av Ministerrådet i Maastricht i 2003,

som tek utgangspunkt i resultatet av det 16. møtet i OSSEs forum for økonomiske og miljømessige spørsmål «Samarbeid om maritime transportruter og innlandsvassvegar i OSSE-området: auka tryggleik og betre vern av miljøet», særleg tilrådingane frå Wien i januar 2008 og frå Praha i mai 2008 og tilrådingane frå dei to førebuande konferansane, som vart haldne i Helsingfors i september 2007 og i Asjkhabad i mars 2008,

som er klar over verdien av ei høvelig oppfølging av møta til Forumet for økonomiske og miljømessige spørsmål, og som merkar seg tilrådingane frå oppfølgingskonferansen til Formannskapet, som vart halde i Odessa i juni 2008,

som erkjenner verdien av samarbeid om maritime transportruter og innlandsvassvegar for styrking av regionalt økonomi- og miljøsamarbeid, tryggleik og stabilitet i OSSE-området,

som legg vekt på at samarbeidet om maritime transportruter og innlandsvassvegar er best tent med ei integrert tilnærming som tek omsyn til tryggleiksmessige, økonomiske og miljømessige aspekt,

som erkjenner dei særlege utfordringane som kystlause utviklingsland har, og som understrekar at samarbeid om maritime transportruter og innlandsvassvegar kan lette tilgangen til hav og hamner,

som erkjenner dei veksande utfordringane knytte til miljø og tryggleiksmessige sider ved samarbeid om maritime transportruter og innlandsvassvegar og trongen for å trappe opp den regionale, subregionale og interregionale innsatsen, særleg når det gjeld å møte utfordringane og høva i samband med

- havureining, særleg oljeureining og trongen for å utvikle ei effektiv evne til å reagere på oljesøl,

- motarbeiding av overføring av invasive artar via ballastvatn,
- transport av farleg gods,
- naudssituasjonar og trongen for felles naudtiltak,
- integrert forvaltning av vassdrag,
- utvikling av effektive og sikre korridorar for transport med ulike transportsystem,
- dei fleirfasetterte aspekta ved maritim tryggleik, medrekna tryggleik for forsyningskjeda,

som er overtydd om at meir samarbeid om grensekryssande vassvegar kan fremje dialog og tene som endå eit tillitsskapande tiltak, og som merkar seg arbeidet som er utført av OSSE og Miljø- og tryggleiksinitiativet (ENVSEC) på dette området,

som erkjenner at samarbeid om vassvegar også kan bidra til forvaltninga av vassressursane,

som erkjenner verdien av å halde fram samarbeidet med relevante internasjonale organisasjonar, særleg Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) og FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE), og med relevante regionale organisasjonar, i nært samråd med deltakarstatane,

som erkjenner at samarbeid på alle plan, både mellom statar og mellom alle relevante interessentar, medrekna næringslivet, sivilsamfunnet og akademia, er viktig for å kunne ta tilstrekkeleg tak i utfordringar i samarbeidet om maritime transportruter og innlandsvassvegar,

som tek omsyn til at OSSE, innanfor si breie tilnærming til tryggleik og samarbeid, kan støtte og utfylle eksisterande initiativ innanfor samarbeid om maritime transportruter og innlandsvassvegar, der det høver, og innanfor ramma av OSSEs kapasitet og ressursar,

vedtek

1. å be deltakarstatane innstendig om å styrkje dialogen og samarbeidet om dei tryggingsmessige, miljømessige og økonomiske aspekta ved maritime transportruter og innlandsvassvegar,

2. å oppmode deltakarstatane til å vurdere å verte partar i relevante internasjonale rettslege verkemiddel som er utarbeidde av IMO og UNECE, særleg Den internasjonale konvensjonen om kontroll og handtering av ballastvatn og sediment frå skip, Den internasjonale konvensjonen om hindring av ureining frå skip og vedlegga til denne, Den internasjonale konvensjonen om regulering av skadelege botnstoffsystem på skip og Konvensjonen om vern og bruk av grenseoverskridande vassdrag og internasjonale innsjøar, og vedtek å støtte full gjennomføring av deltakarstatane sine skyldnader etter desse verkemidla,
 3. å påleggje dei operative strukturane i OSSE, innanfor ramma av mandata deira og dei føreliggjande ressursane, å støtte deltakarstatane, når deltakarstatane ber om det, i gjennomføringa av relevante skyldnader, og samtidig ta omsyn til den rolla som relevante internasjonale organisasjonar spelar,
 4. å be deltakarstatane innstendig om å freiste å styrkje og vidareutvikle subregionalt, regionalt og interregionalt samarbeid, der det høver, for å møte utfordringane som er nemnde ovanfor,
 5. å oppmode deltakarstatane til å utvikle effektive og sikre korridorar for transport med ulike transportsystem, medrekna effektive og sikre grenseovergangsstader for å lette tilgangen til havet for kystlause land, og samtidig ta omsyn til dei relevante føresegnene i OSSE-konseptet for grensetryggleik og forvalting av grensekontroll og dei relevante OSSE-skyldnadene som gjeld transport,
 6. å oppmode deltakarstatane til å tilnærme seg spørsmålet om samarbeid om vassvegar i synergi med forvaltinga av vassressursane,
 7. å oppmode deltakarstatane til å nytte og dele best mogleg praksis og teknologiske løysingar som er relevante når det gjeld å møte tryggleiksmessige, miljømessige og økonomiske utfordringar i samarbeidet om maritime transportruter og innlandsvassvegar,
 8. å be deltakarstatane innstendig om å fremje godt styresett og openskap og å be dei ta med alle interessentar, medrekna næringslivet, sivilsamfunnet og akademia, i debatten om samarbeid om maritime transportruter og innlandsvassvegar der det høver, og å fremje offentleg-private partnerskapar,
 9. å påleggje Sekretariatet å halde fram, innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane, med forsøkssamråda med IMO for å definere omfang og reglar for samarbeid og å rapportere til Det faste rådet innan midten av 2009 slik at det kan gjere høvelege vedtak,
 10. å oppmode OSSEs feltrepresentasjonar, innanfor mandata deira og innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane, til å fremje medvitsauking og til å leggje til rette for opplæring og kapasitetsbygging i nært samarbeid med vertslanda.
-

Vedlegg 11**Vedtak nr. 10/08. Ytterlegare fremjing av OSSE-tiltak i kampen mot terrorisme**

Ministerrådet,

som på nytt legg vekt på at deltakarstatane i OSSE er fast bestemte på å nedkjempe alle former for og utslag av terrorisme, som eit brotsverk som ikkje kan rettferdiggjera, kva som enn er motivasjonen for eller opphavet til han, og å føre denne kampen med respekt for rettsstatlege prinsipp og i samsvar med skyldnadene sine etter folkeretten, særleg internasjonale menneskerettar, internasjonalt vern for flyktningar og internasjonal humanitærrett,

som stadfestar OSSEs gjeldande skyldnader til å motarbeide terrorisme og stadfestar at antiterrorverksemd framleis skal vere ei prioritert oppgåve i OSSE,

som stadfestar at deltakarstatane i OSSE støttar FN's globale antiterrorstrategi,

som ønskjer velkomen G8-leiarane si fråsegn mot terrorisme, som vart vedteken 9. juli 2008 på Hokkaido Toyako-toppmøtet,

som tek opp att trongen for å ta tak i tilhøve som kan fremje og halde ved lag terrorisme, særleg ved å fullt ut respektere demokrati og rettsstatlege prinsipp, ved å tillate alle borgarane å delta fullt ut i det politiske livet, ved å førebyggje diskriminering og oppmuntre til interkulturell og interreligiøs dialog i samfunna deira, ved å engasjere sivilsamfunnet i å finne fellespolitiske løysingar på konflikhtar, ved å fremje menneskerettane og toleranse og ved å nedkjempe fattigdom,

som minner om mellom anna erklæringa frå ministermøtet i Sofia om førebygging og nedkjemping av terrorisme (2004), erklæringa frå ministermøtet i Brussel om oppslutning om og fremjing av internasjonale føresegner mot terrorisme (MC.DOC/5/06) og erklæringa frå ministermøtet i Madrid om støtte til FN's globale antiterrorstrategi (MC.DOC/3/07),

som minner om ministerrådsvedtak nr. 5/07 frå Madrid om offentleg-private partnerskapar mot terrorisme og ministerrådsvedtak nr. 6/07 frå Madrid om sikring av kritisk energinfrastruktur mot terrorangrep,

som merkar seg OSSEs oppfølgingskonferanse om ein offentleg-privat partnerskap kalla Partnerskap mellom offentlege styresmakter, sivilsamfunn og næringsliv i kampen mot terrorisme, som vart halde i Wien 15. og 16. september 2008, og som medverka til å kartleggje moglege område for ytterlegare samarbeid på området offentleg-private partnerskapar i kampen mot terrorisme,

som merkar seg møtet om hindring av valdeleg ekstremisme and radikalisering som fører til terrorisme, som vart halde 24. oktober 2008 i Wien, og som viste at det trengst betre forståing av fenomenen og for fleirdimensjonale reaksjonar,

som merkar seg OSSEs ekspertmøte for å styrkje det rettslege samarbeidet i straffesaker knytte til terrorhandlingar, som vart halde 1. og 2. april 2008 i Ankara i Tyrkia, og som understreka trongen for å styrkje samarbeidet i denne samanhengen,

som òg merkar seg OSSEs subregionale sentralasiatiske konferanse om ein offentleg-privat partnerskap, som vart halde 4. og 5. november 2008 i Bisjkek i Republikken Kirgisistan, og som viste kor viktig det var å utvikle offentleg-private partnerskapar i kampen mot terrorisme på regionalt og subregionalt plan,

som merkar seg gjennomgangen som vart gjort i FN-systemet av gjennomføringa av FN's globale antiterrorstrategi, som gjev rettleiing til OSSEs antiterrorverksemd, og bidraget som han gjev til styrking av den globale antiterrorinnsatsen,

1. oppmodar deltakarstatane og dei operative strukturane i OSSE til å halde fram med innsatsen for å aktivt medverke til gjennomføringa av FN's globale antiterrorstrategi og andre FN-dokument mot terrorisme,
2. oppmodar deltakarstatane til å halde fram med å fremje offentleg-private partnerskapar med sivilsamfunnet, media og næringslivet i kampen mot terrorisme, mellom anna ved å dele erfaringar og utveksle relevant informasjon og nasjonale best praksisar både på OSSE-plan og på nasjonalt, subregionalt og regionalt plan, der det høver,

3. pålegg Generalsekretæren og dei relevante operative strukturane i OSSE å støtte arrangement i 2009 av seminar, møte og simulasjonar på ekspertnivå, innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane, som kan spore til offentleg-private partnerskapsinitiativ, til dømes på område som samarbeid med sivilsamfunnet og media i kampen mot terrorisme, fremjing av interkulturell og interreligiøs dialog i kampen mot terrorisme, vern av ikkje-nukleær kritisk energiinfrastruktur mot terroråtak, og motarbeiding av finansiering av terrorisme og kvitvasking av pengar, særleg med omsyn til gjennomføring av Spesialgruppa for finansielle tiltak (FATF) sine tilleggstilrådingar om terrorfinansiering,
4. oppmodar deltakarstatane i OSSE til å nytte seg av dei operative strukturane i OSSE i kampen mot valdeleg ekstremisme og radikalisering som fører til terrorisme i landa sine. For dette føremålet vert deltakarstatane oppmoda til å halde fram med å utveksle tankar og nasjonale bestepsaksisar i samband med strategiane og tiltaka sine for å motarbeide valdeleg ekstremisme og radikalisering som fører til terrorisme, og å styrkje samarbeidet sitt med media, næringslivet og sivilsamfunnet,
5. pålegg Generalsekretæren å utarbeide, i samråd med dei relevante operative strukturane i OSSE, ein rapport, innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane, om antiterrorverksemda si. Rapporten bør spegle gjeldande mandat og OSSE-skyldnader på antiterrorområdet og bør vurdere antiterrorverksemda til OSSE, samtidig som han tek omsyn til evnene og ressursane til OSSE, og sendast til deltakarstatane

- innan 1. april 2009 til ytterlegare drøfting i relevante organ. Deretter, som det er fastsett i MC(10).DEC/3, vil deltakarstatane gjennomgå gjennomføringa av OSSE sine skyldnader i kampen mot terrorisme på den årlege tilsynskonferansen om tryggingsspørsmål i 2009,
6. oppmodar samarbeidspartnarane til å frivillig gjennomføre føresegnene i dette vedtaket og ber dei delta i aktivitetane som vert utførde innanfor ramma av dette vedtaket.

Tolkingserklæring i samsvar med punkt iv.1(a)6 i møteføresegnene til Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa

Frå delegasjonen frå Georgia:

«Sjølv om vi har slutta oss til konsensus i ministerrådsvedtaket om ytterlegare fremjing av OSSE-tiltak i kampen mot terrorisme, beklagar Georgia at det på ministermøtet i Helsingfors ikkje har vore mogleg å oppnå semje blant deltakarstatane om på høveleg måte å ta tak i spørsmålet om eksisterande uløyste konflikter og territorium utan legitime styresett innanfor OSSE-området. Fråveret av rettsstatlege prinsipp, demokrati og respekt for menneskerettane, mangel på openskap på både nasjonalt og internasjonalt plan og stadig meir valdeleg ekstremisme og radikalisering på somme av desse territoria skaper gunstige tilhøve for spreiding av internasjonal terrorisme. Ei forsvarleg spegling av dette spørsmålet i ministerrådsvedtaket kunne difor ha vore svært avgjerande for å sikre full og effektiv gjennomføring av alle OSSE sine skyldnader i kampen mot terrorisme.

Vi ber om at denne fråsegna vert lagd ved vedtaket og vert teke inn i journalen for møtet i dag.»

Vedlegg 12**Vedtak nr. 11/08. Handvåpen og lette våpen og lagra konvensjonell ammunisjon**

Ministerrådet,

som erkjenner verdien av OSSE-tiltak for å nedkjempe alle former for ulovleg handel med handvåpen og lette våpen (SALW) og for å bidra til å minske og hindre ein stor og destabiliserande konsentrasjon og ukontrollert spreiding av SALW,

som òg erkjenner verdien av OSSE-tiltak som tek sikte på å møte den tryggingssikrisikoen det er at det er lagra konvensjonell ammunisjon, sprengstoff og tennmiddel i overskot og/eller som skal destruerast, i somme statar i OSSE-området,

som merkar seg den aktive rolla som OSSE spelar i den internasjonale innsatsen som byggjer på FNs handlingsprogram for å førebyggje, nedkjempe og avskaffe alle former for ulovleg handel med handvåpen og lette våpen,

som stadfestar skyldnaden sin til full gjennomføring av OSSE-dokumentet om SALW (FSC.DOC/1/00, 24. november 2000), OSSE-dokumentet om lagra konvensjonell ammunisjon (FSC.DOC/1/03, 19. november 2003), og skyld FSC-vedtak,

som erkjenner verdien av betre forvaltning og sikring av lager av handvåpen, lette våpen og konvensjonell ammunisjon,

som òg stadfestar at det er frivillig hjelp som vert ytt av deltakarstatane i OSSE for å minske mengda av SALW, for å destruere overskotslager av konvensjonell ammunisjon og for å betre lagerforvaltninga og tryggingsspraksisen til dei deltakarstatane som ber om hjelp til dette,

som merkar seg at det er svært viktig at ulike organisasjonar og andre relevante aktørar samordnar seg og samarbeider om korleis dei skal møte dei ovannemnde utfordringane på ein effektiv måte, og at dei ønskjer å styrkje tilskotet frå OSSEs til denne innsatsen innanfor ramma av dei føreliggjande ressursane og/eller tilskot utanom budsjettet,

1. ser med glede på, innanfor ramma av Forumet for tryggingssamarbeid,
 - initiativa som vart tekne i 2008 til å vurdere og ajourføre OSSEs normativeskyldnader om SALW, medrekna

- vedtak nr. 4/08 om kontaktpunkta for handvåpen og lette våpen og lagra konvensjonell ammunisjon,
- vedtak nr. 5/08 om ajourføring av OSSE-prinsippa for kontroll med eksporten av berbare luftforsvarssystem,
- vedtak nr. 6/08 om handbok for beste praksis med omsyn til konvensjonell ammunisjon,
- vedtak nr. 11/08 om å innføre best mogleg praksis for å hindre destabiliserande overføringar av handvåpen og lette våpen via lufttransport og om eit tilhøyrande spørjeskjema, og
- vedtak nr. 12/08 om informasjonsutveksling med omsyn til utgåver av sluttbrukarsertifikat og relevante verifiseringsprosedyrar,
- framdriftsrapportane om den vidare gjennomføringa av OSSE-dokumenta om lagra konvensjonell ammunisjon og om handvåpen og lette våpen, som vart framlagde på det 16. møtet i Ministerrådet i samsvar med vedtak nr. 3/07 vedteke på det 15. møtet i Ministerrådet,
- synergikonferansen for regionale organisasjonar om gjennomføring av FNs handlingsprogram mot ulovleg handel med SALW, som var støtta av Det euroatlantiske partnerskapsrådet (EAPC) og OSSE og halde i Brussel frå 28. til 30. mai 2008,
- møtet om implikasjonane av tekniske, forvaltningsmessige og finansielle spørsmål om eksisterande og planlagde OSSE-prosjekt om handvåpen og lette våpen og lager av konvensjonell ammunisjon, som vart halde i Wien 5. og 6. februar 2008,

2. ber Forumet for tryggingssamarbeid
 - om å sørgje for at saker i samband med SALW og lagra konvensjonell ammunisjon vert ståande på dagsordenen i 2009,
 - om å arrangere eit OSSE-møte om SALW i 2009 som skal gjennomgå OSSE-dokumentet om SALW (FSC.DOC/1/00, 24. novem-

- ber 2000) og tilleggsvedtak for å sjå nærare på eventuelle ytterlegare tiltak,
- ved formannen, om å leggje fram framdriftsrapportar for det 7. møtet i Ministerrådet i 2009 om framleis gjennomføring av OSSE-dokumentet om SALW og OSSE-dokumentet om lagra konvensjonell ammunisjon,
 - om å halde fram innsatsen for å støtte deltakarstatane i OSSE som søker hjelp til å destruere lager av handvåpen, lette våpen og konvensjonell ammunisjon i overskot og/eller som skal destruerast, og å betre lagerforvaltinga og tryggingspraksisen til dei deltakarstatane som ber om hjelp, ved effektiv samordning og samarbeid med andre aktørar der det høver,
3. ber alle deltakarstatane i OSSE om å skipe eller eventuelt styrkje eit rettsleg rammeverk for lovleg meklarverksemd innanfor sin nasjonale jurisdiksjon innan utgangen av 2010 i samsvar
- med FSC-vedtak nr. 8/04 om OSSE-prinsipp for å få kontroll med meklarverksemda knytt til handvåpen og lette våpen,
- 4. oppmodar alle deltakarstatane i OSSE til å bringe nasjonale lover, forskrifter og forvaltingsmessig handsaming i tråd med Det internasjonale verkemidlet til å setje statar i stand til å identifisere og spore ulovlege handvåpen på ein rettidig og påliteleg måte, særleg når det gjeld merking, journalføring og samarbeid i sporing,
 - 5. pålegg Generalsekretæren om å halde fram innsatsen for å styrkje samordning og samarbeid med andre internasjonale og regionale organisasjonar for å utvikle synergjar, auke effektiviteten og fremje ei heilskapleg tilnærming til gjennomføringa av FNs handlingsprogram for å førebyggje, nedkjempe og avskaffe alle former for ulovleg handel med handvåpen og lette våpen.
-

Vedlegg 13**Vedtak nr. 12/08. Tid og stad for det neste møtet i OSSEs ministerråd**

Ministerrådet

vedtek at det 17. møtet i OSSEs ministerråd
skal haldast i Aten 1. og 2. desember 2009.

Vedlegg 14**Vedtak nr. 13/08. Spørsmål som gjeld Forum for tryggingssamarbeid**

Ministerrådet,

som minner om vedtak V i Helsingfors-dokumentet frå 1992, der det vart vedteke å skipe eit forum for tryggingssamarbeid i KSSE, og som stadfestar at deltakarstatane vil sørge for at inn-satsen deira for å fremje våpenkontroll, avvæp-ning, tillits- og tryggleiksskapande tiltak, tryg-gingssamarbeid og konfliktførebygging innanfor ramma av forumet er konsekvent, samstemt og utfyllande,

som minner om vedtak nr. 3 om å fremje OSSEs rolle som eit forum for politisk dialog, som vart vedteke på Ministerrådets 9. møte i Bucuresti i 2001, og som mellom anna pålegg Forumet for tryggingssamarbeid (FSC) å vere nærare knytt til det samla arbeidet med aktuelle tryggingsspørsmål som skjer innanfor OSSE,

som ønskjer å byggje vidare på OSSEs strategi for å møte trugsmål mot tryggleiken og stabiliteten på 2000-talet, som vart vedteken i 2003 på Minister-rådets 11. møte,

som er fast bestemt på å halde fram med å styrkje gjennomføringa av eksisterande tillits- og tryggleiksskapande tiltak innanfor ramma av Wien-dokumentet frå 1999, samtidig som det tek omsyn til at trugsmåla mot tryggleiken og stabiliteten i OSSE-området stadig endrar seg,

som er fast bestemt på å halde fram med å styrkje gjennomføringa av OSSEs åtferdskodeks for dei politiskmilitære sidene ved tryggleiken,

som vidare ønskjer å vise at deltakarstatane i OSSE er bestemte på å oppfylle dei skyldnadene som følgjer av FNs tryggingsrådsresolusjon 1540 (2004) og 1810 (2008),

som merkar seg ministerrådsvedtak nr. 11/08, som vart vedteke i Helsingfors i 2008, om handvå-phen og lette våpen og lagra konvensjonell ammuni-sjon,

1. ser med glede på, innanfor ramma av Forumet for tryggingssamarbeid,
 - framdriftsrapportane om arbeidet med å styrkje gjennomføringa av OSSEs åtferdskodeks for dei politiskmilitære sidene ved tryggleiken og om arbeidet med å få på plass avtaler om våpenkontroll og tillits- og tryggleiksskapande tiltak, i tråd med man-datet til Forumet for tryggingssamarbeid,
 - dei aktive drøftingane i tryggingssdialogen i 2008, særleg dialogen mellom deltakarstata-ne som tok sikte på å møte den væpna kon-flikten i august 2008, og andre konfliktsitua-sjonar og tryggingssproblem i OSSE-områ-det, på ein rådgjevande og konstruktiv måte,
 - FSC-vedtak om å betre gjennomføringa av åtferdskodeksen og eksisterande tillits- og tryggleiksskapande tiltak,
 - framdrifta som er gjort i gjennomføringa av FNs tryggingsrådsresolusjon 1540 (2004), og i utarbeidinga av handbøker om beste praksis for å gjennomføre resolusjonen,
2. oppmodar Forumet for tryggingssamarbeid til å intensivere tryggingssdialogen ytterlegare og halde fram arbeidet med spørsmål innanfor mandatet sitt på brei front, i tråd med OSSEs kooperative tryggingssomgrep og i samarbeid med andre internasjonale fora der det høver,
3. ber Forumet for tryggingssamarbeid ved for-mannen leggje fram framdriftsrapportar om arbeidet sitt på Ministerrådets 17. møte i 2009. Desse rapportane bør innehalde tiltak for å styrkje gjennomføringa av OSSEs åtferdskodeks for dei politiskmilitære sidene ved tryggleiken, tiltak på området våpenkontroll og tillits- og tryggleiksskapande tiltak, i tråd med mandatet til Forumet for tryggingssamarbeid, og eventu-elt på andre område.

Vedlegg 15

Ministererklæring

Vi ser med glede på den konstruktive og positive dynamikken i fredsprosessen for ei politisk løysing av konflikten i Nagorno-Karabakh, som kom i gang etter dei to møta mellom presidentane i Armenia og Aserbajdsjan i 2008, i St. Petersburg 6. juni og særleg i Moskva 2. november.

Moskva-erklæringa, som vart underskriven av presidentane i Armenia, Aserbajdsjan og Russland, opna ein lovande fase i prosessen med å løyse konflikten. Vi oppmodar sterkt partane i deira ambi-

sjon om å intensivere innsatsen i forhandlingsprosessen, i samsvar med føresegnene i Moskva-erklæringa og i samordning med medformennene i OSSEs Minsk-gruppe, til å utdjupe ytterlegare dei grunnleggjande prinsippa som vart føreslegne i Madrid 29. november 2007, og deretter til å byrje å utarbeide eit utkast til ei omfattande fredsavtale. Vi set stor pris på intensjonen deira om å utarbeide tiltaksskapande tiltak og å tryggje våpenkvila.

Vedlegg 16

Ministererklæring i høve 60-årsdagen for verdserklæringa om menneskerettane

Vi, medlemmene i Ministerrådet i OSSE, stadfestar vår sterke skyldnad til verdserklæringa om menneskerettane, som vart vedteken av generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane 10. desember 1948.

I høve 60-årsdagen for vedtakinga av verdserklæringa forpliktar vi oss på ny til å handle i samsvar med føremåla og prinsippa i FN-pakta og med verdserklæringa om menneskerettane.

I pakt med Sluttakta frå Helsingfors understrekar vi prinsippa som er nedfelde der om tilhøvet mellom deltakarstatane, særleg respekten for menneskerettane og grunnleggjande fridomar.

Vi understrekar at alle menneskerettane er universelle.

Vi er framleis forplikta til å respektere menneskeverdet, slik det er nedfelt i verdserklæringa og relevante OSSE-dokument som vi har vedteke.

Vi erklærer at rettane som er nedfelde i verdserklæringa, framleis er relevante.

Vi stadfestar at vi vil sikre full gjennomføring av OSSE sine skyldnader til den menneskelege dimensjonen. Alle OSSE sine skyldnader, utan unntak, gjeld likt for alle deltakarstatane.

Vi stadfestar det ubrytelege sambandet mellom å sikre respekt for menneskerettane og å halde ved lag fred, rettferd, velferd og stabilitet, som er anerkjent av OSSE-omgrepet felles og full tryggleik.

Vi stadfestar, samtidig som vi tek omsyn til prinsippa som ligg til grunn for samkvemmet mellom deltakarstatane som er nedfelde i Sluttakta frå Helsingfors, at skyldnadene som vi har teke på oss på området OSSEs menneskelege dimensjon, har direkte og legitim interesse for alle deltakarstatane og ikkje berre høyrer inn under ein bestemd stats indre saker, slik dette er fastsett i Moskva-dokumentet frå 1991.

Vi verdset det verdifulle bidraget frå OSSE for å fremje og verne rettane som er nedfelde i verdserklæringa. Vi verdset særleg arbeidet til Konto-

ret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) med å hjelpe deltakarstatane, i samsvar med mandatet sitt, med å gjennomføre skyldnader innanfor den menneskelege dimensjonen.

I høve 10-årsdagen for kontoret til representanten for frie medium verdset vi arbeidet til denne institusjonen for å fremje sjølvstendige og pluralistiske medium, som er avgjerande for eit fritt og ope samfunn og ansvarlege system der styresmaktene er ansvarlege for handlingane sine. Vi oppmodar deltakarstatane og samarbeidspartnarane til å skape eit miljø der frie og sjølvstendige media kan bløme.

I høve 15-årsdagen for Høgkommissæren for nasjonale minoritetar verdset vi den rolla som Høgkommissæren spelar.

Vi er framleis forplikta til å byggje, tryggje og styrkje demokratiet i landa våre.

Vi er framleis forplikta til rettsstatlege prinsipp og retten til likt vern etter loven for alle, grunna på respekt for menneskerettane og effektive, tilgjengelege og rettferdige rettsskipnader.

Vi understrekar at alle har rett til liv, fridom og personleg tryggleik, ingen skal haldast i slaveri, og ingen må torturerast, pinast eller straffast på umenneskeleg eller nedsetjande vis.

Vi erkjenner at menneskerettane er mest respektert i demokratiske samfunn, der vedtak vert tekne med størst mogleg openskap og brei deltaking. Vi støttar eit pluralistisk sivilsamfunn og oppmodar til partnarskap mellom ulike interessentar for å fremje og verne menneskerettane.

Vi tek opp att at alle har rett til tankefridom, samvitsfridom, religions- eller trusfridom og meining- og ytringsfridom og rett til fritt å vere med på møte og i organisasjonar med fredelege formål. Desse rettane og fridomane skal ikkje vere avgrensa av anna enn det lova slår fast, og som er i samsvar med skyldnadene våre etter folkeretten og med dei internasjonale skyldnadene våre.

Vedlegg 17

Ministererklæring om 60-årsdagen for konvensjonen om hindring av og straff for brotsverket folkemord

Vi, medlemmene i Ministerrådet i OSSE, markerer 60-årsdagen for Konvensjonen om hindring av og straff for brotsverket folkemord, som vart vedteken av generalforsamlinga i FN 9. desember 1948 (heretter kalla konvensjonen).

Vi erkjenner at verdserklæringa om menneskerettane erkjende at det naturlege menneskeverdet og like og umissande rettar for alle menneske på jorda var grunnlaget for fridom, rettferd og fred i verda, og vi tek òg opp att relevante skyldnader som er nedfelde i Sluttakta frå Helsingfors.

Vi stadfestar verdien av konvensjonen som eit viktig internasjonalt verkemiddel for å hindre og gje straff for brotsverket folkemord.

Vi oppmodar dei deltakarstatane som enno ikkje har gjort det, til å vurdere å verte partar i kon-

vensjonen så snart som mogleg og verte ein del av dette globale rammeverket for å hindre og gje straff for brotsverket folkemord. Vi oppmodar vidare partane til å utvide og intensivere aktivitetane sine som tek sikte på full gjennomføring av skyldnadene deira etter konvensjonen.

Vi merkar oss at då FN vedtok konvensjonen, erkjende FN at brotsverket folkemord var ei motbydeleg svepe som hadde påført menneskja store tap, og var overtydd om at det kravdest internasjonalt samarbeid for å lette snøgg hindring av og straff for brotsverket folkemord.

Vi erkjenner at folkemord er eitt av dei alvorlegaste brotsverka i folkeretten som er fordømde av det internasjonale samfunnet som heilskap, og kan aldri rettferdiggjera.

Vedlegg 18**Noregs innlegg ved politisk direktør Vegard Ellefsen på det 16. møte i OSSEs ministerråd, Helsingfors, 4.-5. desember 2008**

Herr formann,

Vi vil gjerne takke utanriksminister Stubb for det framifrå arbeidet han har gjort som formann saman med dei svært dyktige medarbeidarane sine her i Helsingfors og i Wien, og for å arrangere dette framifrå møtet. Under den finske formannskapet har OSSE vore ein svært synleg og effektiv aktør. Under den dramatiske utviklinga i Kaukasus i haust viste OSSE enno ein gong at organisasjonen kan spele ei vital og svært operativ rolle i internasjonal krisehandling saman med Europarådet under svensk formannskap og Den europeiske unionen under fransk formannskap. Vi er takksame for den særskilde gode innsatsen som Formannskapet har gjort gjennom heile året.

Det som hende i Georgia i august, var eit tilbakesteg for alle som trur på dialog og søker fredelige løysingar på tvistar. Konflikten har hatt alvorlege etterverknader for tilhøvet mellom fleire deltakarstatar.

Genève-samtalane vil vonleg føre til ei fredelig løysing som respekterer Georgias suverenitet og territoriale integritet. Fram til ei endeleg og fredelig løysing vert funne, oppmodar vi alle partar til å etterleve fullt ut skyldnadene sine i samsvar med våpenkvileavtalen. Eit framleis OSSE-nærvere i Georgia med tilgang til heile landet er meir naudsynt enn nokon gong.

Krigen i Georgia viser tydeleg faren med å la konfliktar vere uløyste. Vi må fordoble innsatsen vår i denne samanhengen. Vi treng politisk vilje, vi treng leiarar som kan leie folka sine til å samle støtte for kompromissa som trengst. Vi har sett nokre positive teikn i det siste. Vi ønskjer å sjå fleire.

Det kviler på oss alle å medverke til å minske den menneskelege lidinga som denne krigen fører med seg. Alt bør gjerast for å bringe rask og effektiv hjelp til dei mange flyktningane. Dette vert prioritert høgt av Noreg. Vi såg difor med glede på og støtta gjevarkonferansen for Georgia, som Europakommisjonen og Verdsbanken arrangerte saman tidlegare i haust. Vi appellerer til partane som er direkte involverte, om å samarbeide nært med

nasjonale og internasjonale hjelpeorganisasjonar og å sikre tilgang og akseptable arbeidstilhøve for hjelpearbeidarane.

Etter arrangement som desse er det viktig å gjere opp status og å sjå framover. Og nyleg har vi faktisk sett ein framveksande diskusjon om trongen for ein styrkt høgnivådialog om europeiske tryggingsspørsmål. Noreg meiner at det kan vere ein trong for å diskutere tryggingsspørsmål. Men vi bør forsikre oss om at vi ikkje definerer trygging utfordringane våre for smalt. Vi står overfor ei lang rekkje utfordringar, frå fiendskap mellom land til spenningar mellom grupper av menneske; det kan vere på grunn av etnisitet, religion eller knappe ressursar eller ha andre årsaker. Somme av desse konfliktane kan verte forverra av klimaendringane eller den globale økonomiske nedgangen og kan særleg påverke sårbare grupper i samfunnet vårt. Det er difor viktig å forsikre oss om at vi er godt budde på utfordringane som ligg framfor oss.

Konfliktane i Nagorno-Karabakh og Transnistria kan nett no vere noko mindre akutte enn situasjonen i Georgia. Vi ser med glede på teikn til auka direktekontakt mellom partane, til dømes møtet mellom presidentane i Armenia og Aserbajdsjan no nyleg, og vonar å sjå framdrift i samkvemet mellom Chisinau og Tiraspol. Framleis aktivt engasjement frå OSSE si side er enno avgjerande i arbeidet med å finne ei fredelig løysing på desse konfliktane.

Vi har eit sett av prinsipp som vi alle har vorte samde om, og som må etterlevast. Vi har eit solid rammeverk for diskusjon om og engasjement i felles tryggingstrugsmål. Og OSSE er eineståande posisjonert til å gjere dette fordi organisasjonen har så mange deltakarstatar og så breitt tryggingsomgrep.

Historia har lært oss at berre ei brei tilnærming kan gje reell tryggleik, og det er ei lekse vi ikkje må gløyme. OSSE er grunnlagd på standardar og verdiane som vi alle deler og må sikre. Demokrati, rettsstatlege prinsipp, respekt for menneskerettane, økonomisk og sosial utvikling og miljøvennlig

praksis utgjer alle ein del av det felles tryggingsomgrepet vårt. Her gjer OSSE-institusjonane, mellom andre ODIHR, Høgkommissæren for nasjonale minoritetar og representanten for frie medium, eit framifrå arbeid med å yte hjelp til deltakarstatane.

Feltoperasjonane er framleis OSSEs viktigaste aktivum. Verdien av arbeidet dei gjer for å støtte deltakarstatane, er enorm. Dette er tilfelle for alle feltoperasjonane, men vi vil særleg understreke trongen for å halde fram med arbeidet vårt i Kosovo. Eit solid lokalt nærvere trengst i ein situasjon som ikkje er tilstrekkeleg avklard enno.

Når vi ser på tryggingsutfordringane innanfor og i nærleiken av OSSE-området, merkar Afghanistan seg ut som eit partnerland der det trengst hjelp, og der det er i vår eiga interesse at OSSE tek på seg ei større rolle. Noreg meiner at vi bør svare positivt på den klare oppmodinga om hjelp frå dei afghanske styresmaktene. Kabul-konferansen i november var ein suksess. Tida har kome for OSSE til å yte hjelp på viktige område, til dømes politireform, grensetryggleik og valførebuing og valobservasjon.

Herr formann,

Tidlegare denne veka underskreiv 93 statar, og mange av dei er representerte rundt dette bordet,

konvensjonen om klasevåpen i Oslo. Avtalen forbyr ein heil kategori av våpen, og signatarane i konvensjonen forpliktar seg til å oppmode andre statar til å følge opp. Vi kan forsikre kvar og ein om at vi ønskjer fleire signaturar på denne konvensjonen i dei komande dagane og vekene.

Herr formann,

Vi har ved mange høve sagt at vi verdset CFE-avtaleregimet med alle tilhøyrande element svært høgt. Vi vil halde fram med å oppfylle skyldnadene våre etter avtalen og ber innstendig Den russiske føderasjonen om å samarbeide med oss og andre partar om å finne ei løysing på stillstanden som rår no.

I både gode og vanskelege tider har vi greidd å bevare OSSE som ein open kanal for kommunikasjon og dialog. Dette viser verdien av organisasjonen.

Til slutt vil vi gjerne forsikre den greske utanriksministeren, Dora Bakoyannis, om at ho har Noregs fulle støtte når ho no tek på seg stillinga som formann i OSSE for 2009. Vi ser fram til å arbeide med henne og medarbeidarane hennar om å bevare og utvikle OSSE som ein reiskap for dialog og samarbeid mellom deltakarstatane.

Takk, herr formann.

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Faks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern, 0314 Oslo
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Faks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringen.no

Forsidefoto: David Khizanishvili

Trykk: Lobo Media AS – 04/2009

